


# Valdshendingar på idrettsarenaen

*Ein fristad for valdsutøving?*

---

Kandidatnummer: 200

Tal på ord: 14 303



JUS399 Masteroppgave  
Det juridiske fakultet

10.05.2023

UNIVERSITETET I BERGEN



# Innhald

<b>1</b>	<b>Innleiing</b> .....	<b>3</b>
1.1	Tema, aktualitet og problemstilling.....	3
1.2	Omgrepsavklaring .....	4
1.2.1	Unnskuldingsgrunnar .....	4
1.2.2	Rettsstridsvurderingar .....	4
1.2.3	Valdsomgrepet .....	5
1.3	Metode .....	12
1.3.1	Juridisk metode .....	12
1.3.2	Rettskjelder .....	12
1.3.3	Idrettens regelsett .....	13
<b>2</b>	<b>Grunnleggjande straffevilkår</b> .....	<b>14</b>
2.1	Den straffbare handlinga.....	14
2.1.1	Relevante straffebod .....	14
2.1.2	Straffebod i idrettssamanheng .....	15
2.2	Skuldkravet .....	15
2.2.1	Forsett som skuldgrunnlag.....	17
2.2.2	Forsett som skuldgrunnlag i idrettssituasjonar .....	19
2.2.3	Spesielt for eventuelt forsett i idrettssituasjonar .....	22
2.2.4	Aktløyse som skuldgrunnlag i idrettssituasjonar .....	23
2.3	Skuldevne .....	27
2.4	Straffridomsgrunnar .....	27
2.4.1	Naudrett .....	28
2.4.2	Sjølvtekt.....	29
2.4.3	Naudverje.....	29
<b>3</b>	<b>Relevante rettsstridsvurderingar</b> .....	<b>34</b>
3.1	Samtykke .....	34
3.1.1	Samtykke som rettsstridsvurdering i eit idrettsperspektiv .....	35
3.1.2	Rekkjevidde av samtykket.....	37
3.1.3	Rekkjevidde av samtykke i fotball, handball og basketball .....	40
<b>4</b>	<b>Relevante unnskuldingsgrunnar</b> .....	<b>43</b>
4.1	Provokasjon som unnskuldingsgrunn .....	43
4.2	Provokasjon som unnskuldingsgrunn i idrettsperspektiv .....	43
<b>5</b>	<b>Strafferettslege reaksjonar og nivå</b> .....	<b>47</b>
5.1	Straffenivå i idrettsvaldsaker .....	47
5.2	Internidrettslege straffereaksjonar .....	50
5.2.1	NIFs lov og systemets parallellitet .....	50
5.2.2	Systemets parallellitet til det ordinære straffesystemet .....	51
<b>6</b>	<b>Påtalespørsmålet i idrettsvaldsaker</b> .....	<b>53</b>
<b>7</b>	<b>Avsluttande merknadar</b> .....	<b>54</b>
	<b>Kjeldeliste</b> .....	<b>56</b>

# 1 Innleiing

## 1.1 Tema, aktualitet og problemstilling

Denne masteroppgåva handlar om strafflegging av valdshendingar på idrettsarenaen. Det skal i hovudsak vurderast i kva grad det påverkar straffevilkåra at handlinga er gjort i idrettssamanheng.

Hyppigheit av alvorlege valdssituasjonar er i auke, både på og utanfor idrettsbanen. Temaet har difor ein klår aktualitet. Ein ser dette særleg innanfor kontaktidrettar, som fotball, handball og ishockey. I 2020 la politiet fram ein rapport som slo fast at valdsmeldingar blant ungdom generelt hadde auka med 40% sidan 2016. I 2020 og 2021 gjorde VG større undersøkingar rundt vald på norske fotballbanar.

Artikkelserien viste at det stadig skjer alvorlege valdshendingar innanfor speletida på fotballbanen. I Oslo-fotballen har det vorte meir vald og av ein høgare alvorsgrad enn før.<sup>1</sup> Ei slik auke i valdsbruk kan i verste fall føre til nedgang i idrettens oppslutning, ettersom vald undergrev vårt grunnleggjande verdisyn. Idretten har allereie merka eit fråfall etter Covid-19 pandemien. I eit folkehelseperspektiv er dette særst uheldig. Vald på idrettsbana er eit aukande problem, som det er særst naudsynt at samfunnet har kontroll over.

Endestasjonen for oppgåva skal vere at den på ein god metodisk måte skildrar det noverande rettslege biletet innanfor tema. Samtidig skal avhandlinga setje problematiske tilstandar under gransking, og at vert gjort de lege ferenda-vurderingar. Under dette skal fleire ulike problemstillingar setjast til vurdering. Hovudproblemstillinga er likevel:

### ***Er idrettsarenaen ein fristad for valdsutøving?***

---

<sup>1</sup> Folkvord, *Verdens Gang* (2019) <https://www.vg.no/sport/fotball/i/QoOrgR/stor-vg-oversikt-mer-vold-og-trusler-i-oslo-fotballen-enn-noe-annet-sted-i-landet>

Problemstillinga skal svarast på med eit metodisk utgangspunkt i dei grunnleggjande vilkåra for straff, samt dei spesielle vilkåra i dei aktuelle straffeboda i Lov 20. mai 2005 nr. 28 om straff (straffeloven), heretter berre kalla straffelova.

Vilkåra skal introduserast både i eit generelt perspektiv og i eit idrettsperspektiv. Dette vert nytta for å vise til ulikskapar mellom handlingar gjort på og utanfor bana.

Problemstillinga er meint å avgrense mot handlingar som er gjort av personar på idrettsbana, som sjølve ikkje er idrettsutøvarar. Det er vald gjort av utøvarar framstillinga er meint å dekkje.

## **1.2 Omgrepsavklaring**

### **1.2.1 Unnskuldingsgrunnar**

Denne kategorien omstende, er omstende som gjer at ein gjerningsperson som har handla urettmessig, likevel ikkje kan klandrast fordi det ville vere urimeleg og urettmessig.<sup>2</sup> Andre omgrep som er nytta for å systematisere slike omstende er eksempelvis «straffritaksgrunnar»<sup>3</sup>, eller «skyldudelukkelsesgrunn».<sup>4</sup> Eksempel på slike unnskuldingsgrunnar er dei generelle som følgjer eksplisitt av føresegner i straffelova. Blant anna rettsuvitenheit etter strl. § 26 og utilreknelegheit etter strl. § 20. I idrettsvaldssaker er det særleg nokre av dei spesielle unnskuldingsgrunnar som vert relevante. Desse er som oftast knytt til spesifikke straffebod. Den praktisk viktigaste unnskuldingsgrunnen for idrettsvald er tilfelle kor det er teikn til at fornærma har provosert fram ei kriminalisert gjerning frå tiltala.

### **1.2.2 Rettsstridsvurderingar**

---

<sup>2</sup> Husabø m.fl (2019) s. 478

<sup>3</sup> Frøberg (2020) s. 232

<sup>4</sup> Hagerup (1911) s. 278

Rettsstridsvurderingar skjer innanfor strafferettens ansvarslære på fleire måtar.<sup>5</sup> Omgrepet rettsstridsvurdering har i strafferettsleg teori vore eit klart diskusjonstema. To ulike forståingar av omgrepet har stått mot kvarande. Den materielle og den formelle forståinga. Den materielle tek utgangspunkt i at strafferettsreglane kjem av grunnleggjande prinsipp om strafferettens karakter og innhald.<sup>6</sup> Den formelle forståinga har eit positivistisk syn på retten. Det er etter dette synet, berre den retten som til ein kvar tid kan utleiast frå rettskjeldelæra som er gjeldande. Andenæs nytte eit formelt rettsstridsomgrep, som karakteriserande for fråvær av straffridomsgrunnar.<sup>7</sup> Mange norske teoretikarar følgde dette synet. Dette har fått tyding i utforminga av straffelova, kor bruken av uttrykket «rettsstrid» er spelt ned.<sup>8</sup> Husabø, Gröning og Jacobsen meiner at den materielle forståinga ikkje treng å kastast, men heller utviklast slik at retten får ei meir fullverdig ansvarslære. I denne framstillinga vert uttrykket rettsstridsvurderingar nytta for tilfelle kor andre typar omsyn enn dei som grunngir straffebodet si handlingsnorm, tilseier at den straffbare handlinga likevel ikkje skal gi straffeansvar. Ikkje alle rettsstridsvurderingar vil vere relevante for denne framstillinga.

### 1.2.3 Valdsomgrepet

«Vald» i ei naturleg forståing etter straffelova, er ei handling eller ein framferd som har potensiale til å skade ein annan person. Etter straffelova er dette handling eller framferd som skadar fysisk, psykisk eller eventuelt truslar om slik skade. Slike handlingar er omfatta i straffelova kap. 25, og særleg aktuelle er føresegnene §§ 271 til 274. Desse omtalar spennet frå kroppskrenking til grov kroppsskade. Det er eit fellestrekk for føresegnene at handlingane som råkast av dei, inneber ein mindre eller meir alvorleg krenking av ein annan person si helse eller kropp.

---

5 Husabø m.fl (2019) s. 185

6 Husabø m.fl (2019) s. 186

7 Andenæs (2016) s. 156-158

8 Husabø m.fl (2019) s. 187

§ 271 i straffelova omhandlar kroppskrenking. Føresegna lyd som følgjer:

*§ 271. Kroppskrenkelse*

*Med bot eller fengsel inntil 1 år straffes den som øver vold mot en annen person eller på annen måte krenker ham fysisk.*

*En kroppskrenkelse kan gjøres straffri dersom*

- a) den er gjengjeldt med en kroppskrenkelse eller kroppsskade, eller*
- b) den gjengjelder en forutgående kroppskrenkelse, kroppsskade eller særleg provoserande ytring.*

Etter ordlyda, følgjer det at den som gjer handlinga «øver vold». Etter ei naturleg språkleg forståing peikar dette i utgangspunktet på ei aktiv handling som offeret kan føle på kroppen sin. For at noko skal reknast som vald, må det vere egna til å krenke kroppen til offeret. Ei handling som skal sjåast som vald, må difor vere av ei viss styrke eller kraft. Dei klassiske eksempla på vald er slag, spark, skalling, kveling og lugging.<sup>9</sup> Den typiske situasjon føreset altså at det er direkte fysisk kontakt mellom gjerningsmannen og offeret. I den samanheng må det poengterast at det òg reknast som vald, dersom ein kastar eller sparkar ein gjenstand på nokon med tilstrekkeleg kraft.<sup>10</sup>

Etter førearbeid er det klart at § 271 i straffelova av 2005 ikkje skulle føre med nokre realitetsendringar frå den tidlegare Lov 22. mai 1902 nr. 10 Almindelig borgerlig Straffelov (Straffeloven), heretter berre kalla straffelova 1902, § 228. Endringane var reint terminologiske og strukturelle.<sup>11</sup> Etter strukturen er det slik at det ikkje er krav

---

<sup>9</sup> Ot. prp. nr. 22 (2008-2009) kap. 16.6

<sup>10</sup> Ot. prp. nr. 22 (2008-2009) kap. 6.3.1

<sup>11</sup> Ot. prp. nr. 22 (2008-2009) kap. 16.6

om at handlinga har valda smerte eller skade etter første ledd. Dersom den gjer det, må det vurderast om handlinga skal straffast etter § 272, dersom følgene ikkje var omfatta av forsettet. Dersom følgene var omfatta av forsettet, må det vurderast straff etter § 273, jf. § 22.<sup>12</sup>

Det andre alternativet for bruk av føresegna er at handlinga som er gjort «på annan måte krenker ham fysisk». Ettersom dette er sett opp som alternativt grunnlag for bruk av føresegna, omfattar dette alternativet etter ordlyden alle andre potensielle kroppslege krenkingar som er gjort, også utan å øve vald. Eit klassisk eksempel er at det inneber ei fysisk krenking å spytte på nokon, men det inneber ikkje ei valdeleg handling. Å urinere på nokon, vil kunne vere eit anna eksempel. Det finst samtidig praksis som viser at ei slik krenking må råke kroppen til offeret direkte. Dersom spyttet ikkje har treft huda til offeret direkte, vil det ikkje kunne reknast som kroppskrenking.<sup>13</sup> Etter førearbeid omfattar valdsomgrepet dei handlingar som fysisk innverknad på fornærma, eller som har sterk innverknad på sansane.<sup>14</sup> Den nedre grensa for kroppskrenking har gjennom tidene utvikla seg, og kan framleis forskyvast. Ein kan sjå teikn til ei utvikling i retning av minska kontakt mellom menneske, særleg etter Covid-19-pandemien. Dette vil kunne påverke forståinga av kroppskrenking som omgrep.

§ 272 i straffelova omhandlar grov kroppskrenking. Føresegna lyd som følgjer:

*§ 272. Grov kroppskrenkelse*

*Grov kroppskrenkelse straffes med fengsel inntil 6 år. Ved avgjørelsen av om kroppskrenkelsen er grov skal det særlig legges vekt på om den har hatt til følge sterk smerte, skade eller død, og for øvrig om den*

---

12 Ot. prp. nr. 22 (2008-2009) kap. 16.6

13 HR-2017-373-U, jf. Matningsdal (2016) s. 91

14 Ot prp. nr. 22 (2008-2009) kap 6.3.1



- a) *har skjedd uten foranledning og har karakter av overfall,*
- b) *er begått mot en forsvarsløs person,*
- c) *har karakter av mishandling,*
- d) *er begått av flere i fellesskap,*
- e) *er motivert av fornærmedes hudfarge, nasjonale eller etniske opprinnelse, religion, livssyn, seksuelle orientering, kjønnsidentitet eller kjønnsuttrykk eller nedsatte funksjonsevne, eller*
- f) *er forøvd ved bruk av kniv eller annet særlig farlig redskap*

*§ 271 annet ledd gjelder på tilsvarende måte*

Føresegna er sett opp i systemet tilhøyrande valdslovbrotta i straffelova. Det er eit grovheitsalternativ til kroppskrenking i § 271. Dette betyr at dersom kroppskrenkinga etter 271, også oppfyller alternative vilkår i § 272, er handlinga å sjå som grov kroppskrenking. Dette medfører ei auka strafferamme.

For at ein skal straffast for grov kroppskrenking, er utgangspunktet, som elles, forsett som skuldkrav, jf. § 21 og § 22. Likevel følgjer det av føresegna at det skal vektleggjast om handlinga har hatt «til følgje» dei ulike alternativa som fyller på vidare. For følgja av skaden, er skuldkravet difor ordinær aktløyse, jf. § 24.

Ein må forstå ordlyden slik at det i vurderinga av grovheit, må gjerast ei konkret vurdering av kroppskrenkinga. Etter praksis skal det vektleggjast handlinga sitt omfang, art og karakter.<sup>15</sup> Særleg må det og sjåast til om handlinga har hatt til følgje sterk smerte, skade eller død. Dei momenta som er lista opp i føresegna, er ført fram

---

15 Sjå bla. HR-2022-549-A

som særleg sentrale. Lista er altså ikkje uttømmande for moment som er egna til å påverke vurderinga.<sup>16</sup>

§ 273 i straffelova omhandlar kroppsskade. Føresegna lyd som følgjer:

*§ 273. Kroppsskade*

*Med fengsel inntil 6 år straffes den som skader en annens kropp eller helse, gjør en annen fysisk maktesløs eller fremkaller bevisstløshet eller liknende tilstand hos en annen.*

Det er også her alternative vilkår for nytte av føresegna. Den som «skader» ein annan sin kropp eller helse, gjer ein annan «fysisk maktesløs», eller framkallar «bevisstløshet eller liknende tilstand», hos ein annan.

Etter ei naturleg språkleg forståing er ein «skade» å forstå som ei negativ påverknad på ein annan sin kropp eller helse, som også viser seg reint fysisk. Større kutt, sår og beinbrott er typiske eksempel på skadar. Omgrepet må avgrensast både med ein øvre og ein nedre terskel. Etter førearbeid vert det klargjort at det er eir krav til at handlinga har innverka på kroppens anatomiske eller fysiologiske tilstand.<sup>17</sup> Dersom ein skade er «betydeleg» vert den omfatta av § 274, som me kjem nærare til. Skilje mellom grov kroppskrenking og kroppsskade kan tidvis vere ei vanskeleg linje å trekkje. Det er klart at det i kvart tilfelle må vurderast konkret, jf. førearbeida.<sup>18</sup>

Liknande moment som etter § 272 skal vektleggjast slik som omfang, art og karakter. Varigheit er eit moment som i praksis ofte vil få tyding i vurderinga, i tillegg til plasseringa av skaden. Plasseringa kan vektleggjast i den grad ei skade som openbert er meir synleg for allmennheita, vil kunne utgjere ei større negativ påverknad for offeret. Det er lagd til grunn at ømme musklar, blåmerke eller liknande mindre

---

16 Ot. prp. nr. 22 (2008-2009) kap. 16.6 om § 272

17 Ot. prp. nr. 22 (2008-2009) kap. 16.6 om § 273

18 Ot. prp. nr. 22 (2008-2009) kap. 16.6 om § 273

påverknader ikkje vil utgjere ein kroppsskade i seg sjølv. Likevel kan eit blåmerke i andletet som er oppstått i kombinasjon med eit større kutt etter eit slag, kunne utgjere ein kroppsskade.

Ein ser med det ovannemnte at det tydeleg er eit krav om direkte årsakssamanheng, mellom handlinga og skaden. Den negative påverknaden på den andre personens kropp, må ha kome som ein direkte konsekvens av handlinga til gjerningspersonen, for at det skal vere omfatta av føresegna.

Eit av dei alternative vilkåra er å gjere ein annan «fysisk maktesløs». Etter ordlyden peikar det på at gjerningspersonen må setje offeret i ein situasjon kor han ikkje har moglegheit til å forsvare seg. Offeret mistar kontroll over sin lekam, som ein konsekvens av gjerningspersonens handling. Dette vilkåret er i utgangspunktet knytt til direkte fysiske handlingar. Eit praktisk eksempel er fastbinding av ein annan person, med munnen dekt slik som i Rt. 2004 s. 381.

Det andre alternative vilkåret er å framkalle «bevisstløshet eller liknende tilstand». Etter ordlyden kan det likne på alternativet over, «fysisk maktesløs». Likevel skil det seg på den måten, at det er meint å omfatte handlingar som gjer at offeret fell i ein tilstand som gjer at dei ikkje er bevisst, slik som ein komaliknande tilstand. Det er altså ikkje den reint fysiske makteslausheita alternativet er meint å råke, slik som med fastbinding. Handlingar som gjer at kroppen til offeret ikkje kan lystre eigaren, på grunn av at hovudet ikkje er bevisst til å gjere som den får beskjed om, vil hamne under her. At bevisstheita er svekka er ikkje tilstrekkeleg for å utløyse føresegna. Etter praksis er det slått fast at å påverke nokon si bevisstheit til søvn med hjelp av medikament, å sjåast omfatta av omgrepet, jf. HR-2021-580-A.

§ 274 i straffelova omhandlar grov kroppsskade. Føresegna lyd som følgjer:

*§ 274. Grov kroppsskade*

*Grov kroppsskade straffes med fengsel inntil 10 år. Ved avgjørelsen av om kroppsskaden er grov skal det særlig legges vekt på om den har hatt til følge uhelbredelig lyte eller skade, sykdom eller arbeidsudyktighet av noen varighet eller sterk smerte, betydelig skade eller død, og for øvrig om den*

- a. har skjedd uten foranledning og har karakter av overfall,*
- b. er begått mot en forsvarsløs person,*
- c. har karakter av mishandling,*
- d. er begått av flere i fellesskap,*
- e. er motivert av fornærmedes hudfarge, nasjonale eller etniske opprinnelse, religion, livssyn, seksuelle orientering, kjønnsidentitet eller kjønnsuttrykk eller nedsatte funksjonsevne, eller*
- f. er forøvd ved bruk av kniv eller annet særlig farlig redskap.*

*Den som volder betydelig skade på en annens kropp eller helse, straffes med fengsel inntil 15 år.*

Føresegna er grovheitsalternativet til § 273 og har samme oppbygging som § 272.

Vurderingsmomenta skil seg likevel noko. Etter denne føresegna skal det vektleggjast om skaden har hatt til følge «uhelbredelig lyte eller skade», «sykdom» eller «arbeidsudyktigheit av noen varighet», eller «sterk smerte, betydelig skade eller død». Momentet om sterk smerte, betydelig skade eller død, er av same forståing som i § 272.

Etter førearbeid er det slik at endringane frå straffelova 1902 til straffelova 2005 ikkje skulle føre med seg ei særleg realitetsendring.<sup>19</sup> Likevel vart ikkje kravet om

---

19 Ot. prp. nr. 22 (2008-2009) kap 16.6 om § 274

arbeidsudyktigheit må ha vart i to veker videreført.<sup>20</sup> To veker er likevel retningsgivande for forståinga.

«Uhelbredelig lyte eller skade», er etter ordlyden å forstå som ein negativ påverknad på offerets kropp som ikkje er reversibel. Typisk kan dette vere at offeret har fått nedsett syn på grunn av handlinga som gjerningspersonen har gjort.

«Sykdom», i ordets rette forstand, er å sjå som ei påverknad på kroppen til at den fungerer dårlegare enn normalt, over ein periode. Det vert antatt at «sykdom» etter føresegna òg omfattar noko meir enn det ein tradisjonelt sett ser som sjukdom. Etter praksis er det slått fast at eit knivstikk kan reknast som sjukdom, og at det heller ikkje er krav om sjukemelding må føreligge for at alternativet skal nyttast.

## **1.3 Metode**

### **1.3.1 Juridisk metode**

Framstillinga er meint å svare på juridiske problemstillingar, og difor skal den juridiske metode nyttast for å gjere oppgåva på ei tilfredsstillande måte.

Problemstillingane som kjem fram i oppgåva, skal svarast på ved bruk av sentrale, og relevante rettskjelder. Rettskjeldene gir uttrykk for den gjeldande retten innanfor området, og dei reglane som vert sett opp her må subsumerast til å nyttast på aktuelle situasjonar. Det rettslege utgangspunktet skal presenterast for kvar del av oppgåva, slik at kjem tydeleg fram kva som er det gjeldande rettskjeldebiletet.

Det er særst viktig at det vert gitt eit nyansert bilete av den gjeldande retten. Dei relevante rettskjeldene skal setjast opp mot kvarandre og vektleggjast.

### **1.3.2 Rettskjelder**

---

<sup>20</sup> Ot. prp. nr. 22 (2008-2009) kap 16.6 om § 274

Innanfor temaet er det fleire relevante rettskjelder som kjem til bruk. Mest sentral, og særleg viktig er straffelova av 2005. Det gjeld spesielt kapittel 25 for valdslovbrotta, men andre alminnelege føresegner kjem og til bruk.

Førearbeid er sentrale ved forståinga av sentrale føresegner i aktuell lovtekst, og vil òg til ein viss grad kunne vise til relevante avgjerder.

Rettspraksis vil alltid vere aktuell som rettskjelde i juridisk metode, særleg Høgsterettspraksis. Underrettspraksis vil og vere relevant. Innanfor temaet føreligg det ikkje veldig mykje praksis, verken hjå Høgsterett eller i underrettane. At nokon domsavgjerder må nyttast som perspektiv i fleire ulike delar av avhandlinga, er ikkje til å unngå.

Juridisk teori må nyttast i den grad det er sett som relevant eller naudsynt. Generell strafferettsteori kjem til bruk. Det er noko spesiell teori innanfor temaet som fungerer som kjelde til argumentasjonspoeng.

### **1.3.3 Idrettens regelsett**

Både Idrettsforbundet og dei ulike særforbunda har sine eige regelverk, som heimlar idrettslege reglar. NIFs lov heimlar eit regelverk som gjeld for alle sine underforbund. Slike lovverk har ein viktig samanliknande funksjon for denne framstillinga. Samtidig vil dei ulike forbunda sine interne reglar vere eit viktig uttrykk for kor grensa for ulovleg vald går i dei ulike idrettane.

## 2 Grunnleggjande straffevilkår

I teoretiske framstillingar vert straffevilkåra i stor grad framstilt som firedelt. Det må føreligge ein straffbar handling, det må ikkje føreligge straffridomsgrunnar, gjerningspersonen må ha skuldevne, og skuldkravet må vere oppfylt. Dette synet vert vidareført i denne framstillinga.

### 2.1 Den straffbare handlinga

Gjerningspersonens handlingar må som første vilkår vere egna til å kunne straffast. Heilt på grunnlaget, må handlinga inngå i eitt av lovens straffebod. Dette visar til den grunnleggjande føresegna i Grunnlova § 96 første ledd:

*Ingen kan dømmast utan etter lov eller straffast utan etter dom*

Prinsippet som ein utleier frå denne føresegna, er heilt grunnleggjande i ein kvar rettsstat. Dette heng igjen saman med prinsippet om førehandsvisse for innbyggjarane i rettsstaten. Dersom ein skal kunne straffast, må ein kunne ha visst at handlinga var straffbar.

#### 2.1.1 Relevante straffebod

Dei aller fleste gjerningsskildringane følgjer av straffelova av 2005. Samtidig kan det føreligge særlovgiving med særskilte straffeføresegner. Lov 18. juni 1965 nr. 4 om vegtrafikk (vegtrafikkloven) inneheld blant anna straffeføresegner for brott på trafikkreglane. Denne framstillinga vil likevel ha sitt fokus straffbare handlingar som inngår i kapittel 25 i straffelova, gjennomgått i punkt 1.2.

For å straffleggje nokon for ei valdshandling, må straffeboda sine vilkår oppfyllast konkret. Kapittel 25 inneheld straffbare handlingar med spekter frå kroppskrenking til drap. Kvart straffebod inneheld særlege vilkår, sjølv om ein kan sjå klare samanhengar mellom nokre av dei. § 272 er eksempelvis eit grovheitsalternativ til §

271, slik som § 274 er eit grovheitsalternativ til § 273. Ein kan difor sjå tydelege formulære likskapar mellom desse føresegnene.

### **2.1.2 Straffebod i idrettssamanheng**

I idrettssamanheng vil heile spekteret av valdslovbrott kunne skje, med spenn frå kroppskrenking til drap. Det vil stadig skje hendingar som kvalifiserer til kroppskrenking, særleg i kontaktidrettar som fotball, ishockey, handball, og ikkje minst kampsport. Vurderinga av om den gjorde handlinga er straffbar etter føresegna er objektiv. Det skal i utgangspunktet ikkje vektleggjast i kva situasjon eller på kva gjerningsstad skaden er påført. Det skal difor ikkje mykje til før det skjer ein kvalifisert straffbar handling innanfor idretten. For at ein gjerningsperson skal straffast må likevel dei ytterlegare vilkåra også vere oppfylt.

## **2.2 Skuldkravet**

Ein person som har gjort ein kriminalisert gjerning, og som ikkje kan gjerast fri med ein straffridomsgrunn, må også ha gjort den kriminaliserte gjerninga med tilstrekkeleg grad av skuld. Dette er eit grunnleggjande vilkår for å kunne straffast. Regelen kjem til uttrykk i strl. § 21 som fører fram skuldkravet i norsk strafferett. Skuldkravet seier at det som utgangspunkt er forsettlege handlingar som skal straffast etter straffelova, dersom ikkje anna er bestemt, jf. strl. § 21. Forsett er legaldefinert i påfølgande føresegn, strl. § 22:

*§ 22. Forsett*

*Forsett foreligger når noen begår en handling som dekker gjerningsbeskrivelsen i et straffebud*

- a) Med hensikt*
- b) Med bevissthet om at handlingen sikkert eller mest sannsynlig dekker gjerningsbeskrivelsen, eller*



c) *Holder det for mulig at handlingen dekker gjerningsbeskrivelsen, og velger å handle selv om det skulle være tilfellet*

*Forsett foreligger selv om forbryteren ikke er kjent med at handlingen er ulovlig, jf. § 26.*

Det er altså kriminaliserte gjerningar som etter ordlyden i føresegna er gjort ved at gjerningspersonen har sett for seg handlinga, som skal straffast, dersom ikkje anna kjem fram av lova. Siste setning i føresegna, seier at det føreligg forsett uansett om forbrytaren er kjent med at det han har gjort er ulovleg, eller ikkje. Det er altså krav til forsett med omsyn til faktum, men berre krav til aktløyse med omsyn til om handlinga var ulovleg.<sup>21</sup>

Lova stiller også opp eit alternativt skuldgrunnlag, aktløyse. Der forsett peikar på at gjerningspersonen må ha vore i ein spesifikk sinnstilstand, er aktløyse eit uttrykk for ein generell handlingsnorm for eit fornuftig menneske, med innslag av subjektive føresetningar. Ved aktløyse er det handlemåten til gjerningspersonen som er startblokk for vurderinga. Aktløyse er legaldefinert i lova i § 23:

#### *§ 23. Uaktsomhet*

*Den som handler i strid med kravet til forsvarlig opptreden på et område, og som ut fra sine personlige forutsetninger kan bebreides, er uaktsom.*

*Uaktsomheten er grov dersom handlingen er svært klanderverdig og det er grunnlag for sterk bebreidelse.*

---

21 Frøberg (2020) s. 125

Aktløyse er etter ordlyden i lova ei vurdering både av om gjerningspersonen har ei framferd som ein normalt forsvarleg person har, og om gjerningspersonen har særprega føresetningar som må få tyding i spørsmålet om han kan klandrast.

Aktløyse som skuldgrunnlag kan ikkje kome i bruk i alle tilfelle, jf. strl. § 21: «Straffelovgivningen rammer bare forsettlig lovbrudd med mindre annet er bestemt». Etter ordlyden kan ein straffast for aktlaust lovbrutt dersom «annet er bestemt». Etter ei naturleg språkleg må det kome eksplisitt til uttrykk at eit lovbrutt kan straffast ved aktløyse.

Grunntanken bak kravet om skuld er at det skal vere ein høg terskel for å kunne straffast etter straffelova. Ei slik straff er noko av det mest inngripande tiltaket som kan gjerast mot eit enkeltindivid. Ein gjerningsperson som verken kunne eller burde handla annleis, bør difor ikkje utsetjast for eit slikt tiltak.

### **2.2.1 Forsett som skuldgrunnlag**

Slik som definert over, er forsett det grunnleggjande skuldkravet i straffelova, jf. strl. § 21. Dersom handlemåten til gjerningspersonen var tilsikta, er det forsettsskuld me har med å gjere.<sup>22</sup> Sjølv forsettsomgrepet er diskutert i norsk rettsteori, med to sider som tradisjonelt har stått mot kvarandre. Den eine sida har argumentert for at vilja til gjerningspersonen i situasjonen skal vere det mest avgjerande. Den andre sida argumenterer for at det er gjerningspersonens kunnskap eller innsikt som er det sentrale i forsettet.<sup>23</sup> Det er nærliggande for meg å lene seg til den siste forståinga. Forsettet er etter ordlyden i lova eit krav om at gjerningspersonen har forstått omstende i situasjonen på ein slik måte, at han hadde moglegheit til å trekkje seg frå handlinga. Det er altså gjerningspersonens kunnskap om situasjonen som er det avgjerande i om han har handla forsettleg eller ei.

---

<sup>22</sup> Frøberg (2020) s. 126

<sup>23</sup> Husabø m.fl (2019) s. 223, jf. Hagerup (1911) s. 304 flg.

I norsk strafferett operer lova med tre alternative formar for forsett. Slik som gjengitt over, følgjer det av strl. § 22 eit a, b og c-alternativ. Desse forsettsformane kallast i teorien for henholdsvis: hensiktsforsett, sannsynsforsett og eventuelt forsett (dolus eventualis).

Hensiktsforsett set den føresetnaden at gjerningspersonen utfører handlinga si med eit resultat i syne. Slik kan ordlyden i strl. § 22 bokstav a skjønast. Dette er alternativet som gir uttrykk for den normale forma for forsett, som gjerne er det tankane spring til når ein tenkjer på ei forsettleg handling. I ein valdssituasjon har gjerningspersonen først og fremst ikkje tatt omsyn til ein annan persons kroppslege integritet, men han har òg gjort noko aktivt for å krenke denne.<sup>24</sup>

Sannsynsforsett set vilkår etter strl. § 22 bokstav b. Dersom gjerningspersonen har ei visse eller ser det som mest sannsynleg at handlinga hans vert dekt av gjerningsskildringa, har han handla med sannsynsforsett. Denne forsettsforma kan oftast knytast til valdshendingar, ettersom slike handlingar ber med seg eit klårt element av skade for fornærma. For at ein person skal ha handla med sannsynsforsett i ei valdshandling, må han difor ha sett for seg at skaden eller faren for skaden ville skje.<sup>25</sup> Ettersom det i ordlyden følgjer at handlinga «mest sannsynleg» er dekkja, følgjer det eit krav om sannsynsovervekt. Det er tilstrekkeleg at ein kan bevise at gjerningspersonen såg det som meir enn 50 prosent sannsynleg at skaden eller faren for skade ville skje. I Rt. 2011 s. 1104 hadde ein gjerningsperson kjørt bil i høg hastighet rundt ein sving, med ein person på panseret. Hendinga ende med at personen på panseret vart slengd av bilen, og omkom. Retten viste til at dei vurderte dette til eit sannsynsforsett. Tiltalte innsåg at døden til følge ville vere det mest sannsynlege utfallet av handlinga hans. Dette sjølv om han var i ein stressa og oppheta situasjon. Retten kom til at ein «sløra og noko uklår» oppfatning av

---

24 Husabø m.fl (2019) s. 227

25 Husabø m.fl (2019) s. 229

sannsynsovervekt for dødsfølgje er tilstrekkeleg for å fastslå slikt forsett.<sup>26</sup> Det er nært å tenkje at ein idrettsutøvar som finn seg sjølv i ein pressa situasjon, fort kan handle urettmessig med eit «sløra» forset.

Eventuelt forsett følgjer av strl. § 22 bokstav c. Dersom gjerningspersonen har sett sett det som «mogleg» at handlinga hans er dekt av gjerningsskildringa, men vel å handle likevel, har han handla med eventuelt forsett. Det er altså i tillegg til eit krav om at gjerningspersonen har ein viss kunnskap om at følgja kunne skje, eit krav til at han hadde ein vilje til å handle under føresetnad av at følgja kunne skje. Kravet til kunnskap er ved eventuelt forsett ikkje vidare uttrykt. Kor stor risikoen eller sannsynet for at noko skulle skje var, vert det ikkje stilt ytterlegare krav til.<sup>27</sup> Det må vektleggjast at ved eventuelt forsett er det eit mindre nærliggande utfall som gjerningspersonen endar opp med å straffast for. Det vil ikkje vere dette utfallet gjerningspersonen som utgangspunkt har handla ut ifrå. Ettersom ein i slikt tilfelle ikkje kan stille opp at gjerningspersonen har innvilga dette utfallet direkte, er det det hypotetiske utfallet som dannar grunnlaget for forsettet. Han har akseptert ein slik risiko, og har difor handla forsettleg. Dette må skiljast frå tilfelle kor ein gjerningsperson bevisst ikkje søker å klarleggje situasjonen, og heller ikkje tek stilling til den. I så tilfelle held ein seg bevisst uvitande, og det kan ikkje danne eit forsett.<sup>28</sup>

### **2.2.2 Forsett som skuldgrunnlag i idrettssituasjonar**

I ein idrettssituasjon, slik som i ein slåsskamp, vil det skje handlingar som er motivert av skadehensikt. I ein slåsskamp er målet at motstandaren skal skadast slik at ein «vinn» kampen. På fotballbanen kan det hende at ein spelar sparkar ein motspelar ned, i håp om at han vert skadd og ikkje kan spele meir. I det store biletet

---

26 Rt. 2011 s. 1104

27 Husabø m.fl (2019) s. 234

28 Husabø m.fl (2019) s. 234

er slike handlingar utanfor normalen. Vanlegvis handlar ein fotballspelar med forsett om at ein skal ta ballen frå motstandaren, og at ein difor får ein fordel i spelet. Dette er uavhengig av alvorgraden på taklinga. Spørsmålet er likevel i kva for grad forsettsvurderinga vert påverka av at handlinga har skjedd på idrettsarenaen.

Slik som skildra over, er det alternative forsettsformer som kan komme i spel.

Dersom retten kjem til at ein har handla med skadehensikt, vil ikkje det momentet at handlinga skjedde på idrettsbanen rokke ved denne vurderinga. For å stille opp eit sannsynsforsett må gjerningspersonen ha sett det som mest sannsynleg at handlinga falt innanfor den aktuelle føresegn. For eit eventuelt forsett må han både forstått at det var mogleg at handlinga var råka, men likevel aksepterte risikoen ved å handle.

Det er ikkje mogleg å få den fulle klarheit i kva gjerningspersonen tenkte på det spesifikke tidspunktet. Ein er «henvist til å trekke slutninger om det ut fra hva vi vet om det ytre hendelsesforløpet».<sup>29</sup> I ein idrettssituasjon, som nemnt tidlegare, kan utøvaren ofte vere oppspelt, gira og som oftast skil kroppen ut ei mengd adrenalin. Etter rettspraksis kan ein ikkje utelukke forsett sjølv om ein handlar impulsivt, eller «utan å tenkje seg om» som er ei klassisk forklaring.<sup>30</sup> Det vert lagd til grunn at det er tilstrekkeleg med eit «sløra» forsett om konsekvensane, jf. Rt. 2011 s. 1104. Difor er ein nøydd til å snu seg mot dei ytre omstende i vurderinga av forsettlege handlingar på idrettsbana. Avhengig av faktum kan det vere fleire aktuelle moment som kan kome i spel.

Regelverket i den spesifikke idretten må ha tyding i vurderinga av om handlinga er gjort forsettlege. Dersom ei handling tydeleg inngår som ein del av idrettens utøving, og er ein del av spelets natur, må det stillast ein høgare terskel for at skadeomfanget som oppstod vert vurdert til å ha vorte valda forsettlege. Dersom ein fotballspelar presser ein motstandar skulder mot skulder, motstandaren fell og knekk armen, er

---

29 Rt. 2011 s. 1104 (12. avsnitt)

30 Bla. Rt. 2011 s. 1104

gjerningspersonen uansett innanfor fotballens regelverk. Ettersom handlinga ikkje er ulovleg etter reglane, vert det kunstig å skulle setje opp forsettsskuld for ein knekt arm i eit slikt tilfelle. Utøvaren har utøvd sporten på slik måte den er tenkt å utførast. Så lenge det står fram som klart at det er sportsutøvinga som er motivasjonen til gjerningspersonen, må det stillast særers høg terskel for å kunne setje opp forsett som skuldgrunnlag.

Tidspunktet for handlinga er eit anna moment. Dersom handlinga skjer medan spelet er i gong, og utøvarane er fokusert på det sportslege, må terskelen for å stille opp forsett vere høgare. I motsetning til dette er handlingar som skjer medan spelet er i pause, anten mellom omgangar, eller ved mindre stans i spelet, eksempelvis dødballar i fotball. Dersom valdshandlingar skjer i slike pausar, vil dei ofte vere motivert av anna enn spelet. Spelet kan som regel ikkje påverkast særleg dersom dommaren har blese i fløyta. Det er klart at ein indirekte kan påverke motstandarar, dommar eller motstandars trenar, men slike handlingar vil heller ha karakter av sabotasje. Eit eksempel er at ein sparkar ned ein motstandar, medan ballen er ute av spel, og dommaren er oppteken med ein annan situasjon. Dersom den du sparkar ned, knekk ankelen på grunn av dette, peikar det i retning av at dette er ei forsettleg skadevalding som ikkje er idrettsleg motivert.

Sjølv om handlingar innanfor idrettens reglar ikkje er lovleg, vil handlinga kanskje ha ein sportsleg verdi i form av taktiske fordelar. Slik som nemnt over kan valdshandlingar i form av «sabotasje» gjerne gi ein fordel i spelet sjølv om dei ikkje er lovlege. Dersom ein fotballspelar sklitaklar ein motspelar på veg på ein overgang, utan sjanse til å ta ballen, vert han straffa med frispark i mot. Gjerne vert han sanksjonert med eit gult kort på grunn av omsynslaust spel.<sup>31</sup> Spelets reglar seier at handlinga er ulovleg, men den har likevel ein sportsleg verdi i form av at han unngår eit angrep i mot sitt eige lag. Slike handlingar er heilt impulsive for ein idrettsutøvar i

---

31 NFF spilleregler pkt. 12.3

konkurransmodus. Det viktigaste for dei fleste som driv slik idrett, er å vinne. Taktisk motiverte handlingar, må det difor setjast ein sær s høg terskel for å kunne rekne som forsettleg valda i ein idrettssituasjon.

Til ein viss grad må idrettsleg sedvane kunne spele inn i vurderinga av forsettet. Dersom ei handling er sett som akseptert av utøvarar, og den stadig vert gjort utan at det vert sanksjonert, må dette trekkje i retning av at skadefølga ikkje kan vere sannsynleg for gjerningspersonen. I slikt tilfelle kan det ikkje vera forsett.

### **2.2.3 Spesielt for eventuelt forsett i idrettssituasjonar**

Husabø m.fl set opp tre vilkår som grunnlag for eventuelt forsett. Det første vilkåret er at gjerningspersonen må sjå det som «mogleg» at noko var tilfellet, eller at noko ville skje. Ein fotballspelar vil i dei fleste tøffe duellar kunne sjå det som «mogleg» at motspelaren kan knekke ankelen. Likevel vil han handle på denne måten, ettersom taklinga er motivert av det sportslege. Han handlar for at han ynskjer å vinne ballen. Det er altså ikkje skadeutfallet gjerningspersonen har handla ut ifrå, men utfallet om at han skal vinne ballen. Dei fleste idrettsutøvarar går inn i idretten med ei forståing om at det føreligg ein moglegheit for at alvorlege skadar. Ein handballspelar forstår at det er ein fysisk krevjande sport, med mange interne kampar med motstandarspelarar. Ein fotballspelar forstår at spelet går i høg hastigheit langs bakken, og at særleg føter og bein er utsett for skadar. Ein basketballspelar er klar over at motstandarane er store og sterke, og at det er ein potensiale for at ein kan skade seg på ulike måtar. Vilåret om at gjerningspersonen må sjå det som «mogleg» at det kan oppstå skader i idretten, er difor ikkje vanskeleg å oppfylle.

Det andre vilkåret er at gjerningspersonen må førestille seg at denne moglegheita realiserer seg.<sup>32</sup> Høgsterett uttalar i praksis at det kan påvisast eventuelt forsett sjølv om «avgjørelsestemaet ikke har fremstått helt klart i gjerningspersonens

---

<sup>32</sup> Husabø m.fl (2019) s. 234

bevissthet».<sup>33</sup> Det er altså ikkje krav om ei eksplisitt førestilling av situasjonen i perioden før handlinga, men det må sjåast slik at gjerningspersonen har sett dette som eit hypotetisk scenario.<sup>34</sup>

Det tredje vilkåret er at gjerningspersonen vel å handle, på tross av denne risikoen for skade som han har innsett. Husabø peikar på at gjerningspersonen «aksepterer» risikoen. I HR-2019-509-A prøvde Høgsterett lagmannsrettens forståing av dolus eventualis. Høgsterett kom til at lagretten hadde nytta forsettsalternativet riktig. Retten seier at gjerningspersonen må ha «tatt standpunktet, altså bestemt seg for, at han foretar handlingen selv om følgen skulle inntre».<sup>35</sup> Ein idrettsutøvar vil i mange tilfelle kunne oppfylle dette vilkåret. Han vil kunne sjå skaden som mogleg, han har hatt ei førestilling av at skaden realiserer seg, og han vel likevel å handle sjølv om følgja skulle skje.

Eit dolus eventualis-forsett vil ofte kunne stillast opp for ein idrettsutøvar. Dette må likevel sjåast i samanheng med at alle idrettsutøvarar går på bana med ei forståing av risikoen for skade på eigen kropp. Dette har samanheng med samtykke som straffridomsgrunn.<sup>36</sup>

#### **2.2.4 Aktløyse som skuldgrunnlag i idrettssituasjonar**

Slik som nemnt ovanfor, må kriminalisering av aktlause handlingar vere spesifikt bestemt, jf. strl. § 21. Slik kriminalisering kjem til uttrykk på ulikt vis. I nokre tilfelle er gjerningsskildringa retta mot både forsett og aktløyse, slik som i strl. § 240 om miljøkriminalitet. I dei relevante straffeboda for idrettsvald, er gjengangsmelodien at gjerningsskildringane er spesifikke for aktlause handlingar. Straffelova § 280 og 281 er dei to straffeboda som spesifikt regulerer aktlause valdshendingar.

---

33 Husabø m.fl (2019) s. 234, jf. Rt. 1991 s. 600 (s. 602)

34 Husabø m.fl (2019) s. 234

35 HR-2019-509-A

36 Jf. kap. 3.1 i denne framstillinga



Grovheitsalternativa i §§ 274 og 276 kan òg råkast av aktløyse, men i omsyn til skadefølgjene.

Straffelova § 280 regulerer aktlaus valding av betydeleg skade på kropp eller helse. «Betydeleg skade» er legaldefinert i strl. § 11. Ein slik skade er anten tap eller vesentleg svekking av ein sans, eit viktig organ eller ein viktig kroppsdel, vesentleg vansirethet, livsfarleg eller langvarig sjukdom eller alvorleg psykisk skade. Lovgjevar har sett det slik at ved særleg belastande skadar og påverknadar, er det ikkje tilstrekkeleg med forsett som skuldkrav. Aktlause valdingar av slik skade må og kunne straffast. Straffenivået er likevel kraftig senka i forhold til dei forsettlege straffebeda.

Aktløysevurderinga må delast i to ulike delar. Først må ein vurdere om gjerningspersonen har handla uforsvarleg, før ein må vurdere om han kan klandrast ut frå sine eigne føresetningar. Vurderinga har difor ein objektiv og ein subjektiv del. Slik må det også vere i idrettssituasjonar. Spørsmålet er difor om vurderinga vert påverka av dette faktum.

I HR-2019-497-A<sup>37</sup> hadde ein 17-åring køyrd på ei pike i alpinbakken (heretter alpinist-dommen). Jenta fekk varige men etter ulykka. Han vart dømd etter strl. § 280. Retten låg vekt på fleire ulike moment i vurderinga av om gjerningspersonen hadde handla aktlaust eller ikkje. Dommen er ikkje nødvendigvis direkte overførbar til ballidrettane som denne framstillinga først og fremst har fokuset sitt på. Dette særleg ettersom handlinga ikkje vart gjort i ein konkurransesituasjon. Likevel må rettens vektlagde moment kunne ha ein viss overføringsverdi med tanke på aktløysevurderinga i idretts og aktivitetssituasjonar.

Retten ser først til vilkåret om kva som er forsvarleg framferd på området. I førearbeid seiast det at skadepotensiale, alvorsgrad i situasjonen, trua interesser og

---

37 HR-2019-497-A

handlingsalternativ kunne tilleggjast vekt. Vurderingstemaet er etter retten si forståing kva ein «alminneleg fornuftig og samvitsfull person ville gjort». Det er heilt klart eit tilfelle av ei heilheitsvurdering. Retten viser til praksis<sup>38</sup> og seier at det i ein alpinbakke må krevjast ein høg grad av aktsamheit. Alpinkøyring er som kjend ein sport med høg fart. Skadepotensialet er stort. Retten viser så til interne reglar som det internasjonale skiforbundet har utarbeida. Reglane viser at alpinistar bør opptre omsynsfullt og forsvarleg, og tilpasse køyringa si til forholda. Dette er resultatet av den objektive vurderinga.

I den refererte dommen, slik som i alle vurderingar av aktløyse, må det gjerast ei konkret heilheitsvurdering. Det må setjast opp ein aktsamheitsnorm for den objektive vurderinga, og den vil verte påverka av idrettsmomentet. Ein kan ikkje på generell basis stille dei same aktsamheitskrav til ein fotballspelar, som til ein bilsjåfør. Risikoen sin art må vere sentral i forsvarlegheitsvurderinga. Dersom det er spesiell fare for alvorlege og irreversible skadar, skaper dette ei forventning om ein viss handlemåte i forhold til der det er risiko for mindre skader.<sup>39</sup> Dei klassiske aktlause valdslovbrotta er i trafikken, med påkøyrse. Det er nærliggande at det er i idrettar med høgt nivå av risiko, at det vil vere særleg aktuelt med aktløyse som skuldgrunnlag. Motorsport, ekstrem sport (wingsuit, fallskjermhopping, rafting t.d), frikjøring på ski og fartsdisiplinar i alpint er eksempel på slike idrettar.

Retten i alpinist-dommen går vidare til å sjå på den subjektive vurderinga. Dette kan belyse kva for moment som er særleg viktige for vurderinga i idrettssamanheng. For det første peikar retten på alder, modnad og erfaring. Om gjerningspersonen er under 18 år skal terskelen for aktløyse kunne hevast, seier retten. Det skal og leggjast vekt på alvorsgraden i situasjonen, kva som er krenka og om handlinga kan sjåast som «regelmessig». Denne typen moment må også kunne stillast opp i ei hypotetisk

---

38 Rt. 2000 s. 1991 og Rt. 2001 s. 1221

39 Husabø m.fl (2019) s. 269

vurdering av grov kroppsskade etter § 274, ved ein stygg olboge i hovudduell på fotballbana, som har ført til at fornærma har mista høyrsele.

Til ein idrettsutøvar, må ein også kunne setje opp nokre rolleforventingar.

Aktløysevurderinga er ei forsvarlegheitsvurdering, og normer på ulike område får spesielt spelarom i ei slik vurdering. Ein person som innehar spesiell kunnskap har difor ei viss forventing til si framferd. Husabø opererer med ei inndeling i to ulike typar roller. Den første er det nemnte vurderingstemaet som er utgangspunktet: «alminneleg fornuftig og samvitsfull person». I tillegg følgjer det spesialiserte roller, som set særlege krav til den som handlar.<sup>40</sup> Slike roller kan ha sitt utspring i eksempelvis yrke eller interesse. Særleg vil det nok påverke dei med profesjonelle roller, som elektrikar, lege, advokat, bilist eller politi.<sup>41</sup> Ofte vil området rolla er tilknytt ha eit eige type regelsett. I alpinist-dommen over, nytte retten skiforbundets eigne reglar for å fastsetje normer for den gjengse alpinist. Innanfor idretten vil både det aktuelle forbundets eigne reglar få tyding, samt meir uformelle normer.

Det ovannemnte vurderingstemaet som lyd «alminneleg fornuftig og samvitsfull person», kan ikkje alltid vere styrande i vurderinga. Vilåret om «personlege føresetnader» kjem i så tilfelle i spel. Det er likevel ikkje forsvarlegheitsvurderinga i aktløysekravet som vert endra, men forventinga om innsikt i risiko som vert nedjustert.<sup>42</sup> Ein nedjusterer kravet til personar med påviste svakare føresetningar for å erkjenne risiko.<sup>43</sup> I Rt. 1970 s. 787 kom retten til at ein person i sjokktilstand etter ei trafikkulykke ikkje kunne dømmast etter same aktsamheitsnorm som eit «vanleg menneske». Mange som driv med idrett er personar som er på jakt etter spenninga som idretten gir dei. Det er uomtvista at idrettsutøving fører med seg ei særleg adrenalin-utskiljing for dei fleste. Adrenalin kan føre til at ein vert meir merksam,

---

40 Husabø m.fl (2019) s. 266

41 Husabø m.fl (2019) s. 266

42 Husabø m.fl (2019) s. 278 og 279

43 Husabø m.fl (2019) s. 280

og gjere at musklane får meir næring slik at kroppen er klar for hurtig og rask innгриpen.<sup>44</sup> Likevel kan ikkje dette sidestilla med ein slik sjokktilstand som nemnt over. Den vesentlege skilnaden på desse to situasjonane er at idrettsutøvaren sjølv har sett seg i denne situasjonen. Då slik påverknad er sjølvpåført, kan det ikkje gi grunnlag for ein nedjustert forventning til risikoinnsikt.<sup>45</sup>

## 2.3 Skuldevne

Ein gjerningsperson som skal straffast, må vere egna til å straffast etter lova. Etter straffelova § 20 er det fire grupper personar som ikkje kan straffast av denne grunn: personar under strafferettsleg alder (15 år), personar med høg grad psykisk utviklingshemming, personar med sterk medvitssvikt og personar med sterkt avvikande sinnstilstand.<sup>46</sup> Det følgjer av føresegna at gjerningspersonens tilstand skal vurderast på gjerningstidspunktet. Så lenge fotball-ungdomen som slo til ein motspelar slik at han mista ei tann gjorde det medan han var 14 år, er han ikkje strafferettsleg tilrekneleg.

Ettersom vilkåret er ei rein subjektiv vurdering av gjerningspersonen, kan ikkje idrettsmomentet ha særleg tyding for spørsmålet. Det er difor av liten interesse for framstillinga å sjå dette nærare.

## 2.4 Straffridomsgrunnar

Innanfor den norske strafferetten er det eit grunnleggjande vilkår for straff at gjerningspersonen ikkje kan påberope seg straffridomsgrunnar. Dersom han kan det, skal han ikkje straffast for handlinga han har gjort.

Omgrepet er knytt til Andenæs si forståing av denne kategorien omstende. Han forstår den slik at det er handlingar som utfyller lova si gjerningsskildring, men ikkje

---

44 Halse, Johan, «Adrenalin», Store medisinske leksikon (2022)

45 Husabø m.fl (2019) s. 281

46 Frøberg (2020) s. 155

skal «rammast av straff», men skal føre til frigjering.<sup>47</sup> Omgrepsbruken har vore diskutert i juridisk teori. Husabø omtaler denne kategorien som «rettferdiggjeringssgrunnar», ettersom dei i si framstilling ynskjer å skilje mellom handlingar som anten rettferdiggjier, eller unnskuldar ei kriminalisert gjerning. Presiserer at eg kjem til å nytte «straffridomsgrunnar» som omgrep for dei generelle straffridomsgrunnane naudrett, sjølvtekt og naudverje, etter Andenæs si framstilling.

Det er innanfor straffelova fleire alternative straffridomsgrunnar. Dei generelle straffridomsgrunnane er naudrett, naudverje og sjølvtekt. Dei straffbare handlingane etter straffelova kan gjerast «lovlege», slik som etter ordlyden i §§ 17, 18 og 19, dersom dei oppfyller vilkåra for anten naudrett, naudverje og sjølvtekt.

Samtidig finst det moment som kan føre til straffridom som er tilpassa spesielle straffebod. Samtykke til valdshandlingar er av denne grunn i eit mellomsjikt, og vil vurderast som ei rettsstridsvurdering.<sup>48</sup> Samtykke til valdshendingar kan ha same funksjon som dei ovannemnte straffridomsgrunnane, og ei valdshending kan med det gjerast ikkje-straffbar.

I idrettssamanheng, vil det stadig vere aktuelt at ein gjerningsperson viser til straffridomsgrunnar som sitt forsvar. I idretten er utøveren i ein konkurransesituasjon, og dei fleste idrettar ber med ser eit preg av fysisk risiko.

#### **2.4.1 Naudrett**

Naudrett er ein av dei generelle, lovfesta straffridomsgrunnane. Ei straffbar handling kan ved naudrett vere lovleg dersom ho er gjort for å redde liv, helse, eigedom eller annan interesse. Handlinga må ha teke sikte på å redde desse alternativa frå ein fare for skade. Faren for skade må ikkje ha kunne avverjast på annan rimeleg måte.

---

<sup>47</sup> Husabø m.fl (2019) s. 409, jf. Andenæs (2016) s. 150

<sup>48</sup> Sjå pkt. 3.0 flg. i denne framstillinga

Føresegna i straffelova § 17 bokstav b, peikar også på ein samhøvevurdering mellom skaderisikoen ved naudrettshandlinga og den føreståande farerisikoen. Risikoen for fare må vere «langt større» enn fare for skade ved naudrettshandlinga.

Naudrett er etter sin natur av særst liten praktisk tyding ved idrettsvald. Det vil sjeldan vere situasjonar kor valdshandlingar på idrettsarenaen kan gjerast rettmessig som ein naudrettshandling. Straffridomsgrunnen er likevel med i framstillinga for å gi eit dekkjande bilete på straffbarheit av idrettsvald.

#### **2.4.2 Sjølvtekt**

Ein handling som elles er straffbar, er lovleg dersom den som har retten, handlar for å rette opp att ein ulovleg endra tilstand, jf. straffelova § 19. Ein kan straks sjå ein samanlikning med naudverje, i begge tilfelle står rett opp mot urett<sup>49</sup>. Skilnaden er likevel at ein ved ein naudverjehandling avverjar uretten før den skjer, eller medan den skjer, men ein sjølvtektshandling skjer etter at uretten har blitt gjort.

Sjølvtektshandlingar passar mindre bra i valdstilfelle. Det klassiske eksempelet er at sykkelen din er stolen, du ser den igjen ein annan stad i byen, for så å ta den med deg heim att. Det vil stille seg annleis i ein valdssituasjon kor du har vorten angripen, og angrepet er avslutta. Ein kan ikkje «gjenopprette» eit slag i andletet, slik som følgjer av ordlyden i § 19. Dersom ein slår tilbake, har ein berre gjort ein valdshandling sjølv. Av desse årsaker vil ikkje sjølvtekt som straffridomsgrunn vurderast ytterlegare i ljøs av idrettsvaldshandlingar.

#### **2.4.3 Naudverje**

---

<sup>49</sup> Husabø, Karnov lovkommentar til strl § 19, note 1, pkt. 3

Ei straffbar handling kan ved naudverje vere lovleg dersom ho er gjort for å avverje eit ulovleg angrep, dersom det ikkje går lengre enn naudsynt, og dersom det ikkje openbart går ut over det som er forsvarleg i den konkrete situasjonen, jf. straffelova § 18.

I idretten vil ein utøvar ofte stå ovanfor ein eller fleire motstandarar. I kontaktidrett vil utøvarar stadig vere i kroppsleg kontakt med kvarandre. Ein fotballspelar vert sparka, ein handballspelar vert heldt fast, eller ein hockeyspelar vert kroppstakla i sida. Dette er handlingar som stadig skjer på fotballbanen, handballbanen eller i hockeyrinken. Spørsmålet er difor om ein kan påberope seg naudverje i slike situasjonar.

I LB-2015-128159 hende det ei valdshending i ein bedriftsfotballkamp. Tiltalte i saka hadde følt seg utsett for vald frå fornærma, og svara med å slå fornærma i andletet. Det ende med blant anna kjevnebrot, og nasebrot for fornærma. Tiltalte vart dømt i tingretten for handlinga, men saka vart anka til lagmannsretten.

Begge instansar slo fast at vilkåra for kroppsskade var oppfylte, likevel etter straffelova av 1902, som er i det vesentlege vidareført i straffelova av 2005. Spørsmålet var for lagmannsretten om tiltalte kunne frifinnast på grunnlag av naudverje.

I vurderinga av naudverjespørsmål, skal tiltalte si subjektive oppfatning av hendinga leggjast til grunn. Tiltalte førte fram at han oppfatta at han vart utsett for eit angrep av fornærma. Retten la til grunn at tiltalte vart utsett for eit angrep, då fornærma dytta han eller sprang han ned. Tiltalte og fornærma var noko ueinige om korleis angrepet hadde utarta seg, men det vart lagd til grunn at tiltalte hadde fått eit spark i rygg og hofteregion.

For at det skal vere tale om eit rettsstridig angrep som kan svarst med naudverje, kan ikkje angrepet vere avslutta då den påståtte naudverjehandlinga skjer. Retten la til

grunn etter tiltalte si forklaring, at fornærma enda var i rørsle, då naudverjehandlinga skjedde.

I den vidare vurderinga, som omhandlar nødvendigheitsvurderinga, var retten delt. Eit fleirtal var samde om at tiltalte sitt slag var ein meir omfattande reaksjon enn det som var naudsynt i situasjonen. Dei la vidare vekt på at tiltala på tross av sparket i rygg og hofte, enda var i ein heilt bevisst tilstand. Det er nemnt handlingsalternativ, eksempelvis at han burde trekt seg unna situasjonen. Samtidig har retten vektlagd at tiltalte var tidlegare topputøvar i kick-boksing, og med det burde inneha eit repertoar av forsvarsteknikkar. Fleirtalet kom til at tiltalte ikkje kunne frikjennast på naudverjegrunnlag.

Eit bestemmande mindretal var ueinig i dette. I vurderinga av om handlinga var naudsynt, fører dei fram at det var tvil knytt til om slaget var nødvendig eller ikkje. Samstundes seier mindretalet at slik tvil må kome tiltalte til gode. Dei påpeikar at for tiltalte, hadde han fått eit spark i ryggen, og oppfatta at tiltalte kom imot han i eit angrep, dette var grunnen til at han slo. Sjølv om fleirtalet peika på alternative handlingar, avfeiar mindretalet dette. Sjølv om det i ettertid kunne visast til alternativ, meinte mindretalet at det ikkje kunne vere tunga på vektskåla i nødvendigheitsvurderinga. Dette bestemmande mindretalet gjorde at tiltalte vart frifunnen på naudverjegrunnlag. Tiltalte vart likevel dømt til å betale oppreisningserstatning til fornærma.

Vurderinga av naudverjespørsmålet står fram som nokså klassisk i denne saka. Idrettsmomentet spelar ingen stor rolle i dommen. Likevel er avgjerda spesiell i den forstand at det er ein dissensdom. I tillegg er det eit bestemmande mindretal som står for domsavgjerd. Handlinga skjedde ikkje som ein direkte del av fotballspelet. Valdshandlinga skjedde i ein periode kor spelet var stansa, på bakgrunn av ein annan takling ein annan stad på bana. Isolert sett burde dette trekkje i retning av at handlinga ikkje var naudsynt. Fornærma gir tiltala eit spark, som mindretalet ser



som starten på eit rettsstridig angrep. Det er gjerne slik at retten, bevisst eller underbevisst, ser sparket som eit angrep fordi spelet ikkje er i gong. Situasjonen har gått frå å vere ein fotballkamp, til å bli eit uoversiktleg basketak. Det er også ført fram i dommen at «situasjonen var relativt kaotisk».<sup>50</sup> Det er heller usannsynleg at eit slikt spark hadde vert sett som eit rettsstridig angrep, dersom ballen var i spel, og det skjedde i kamp om ballen på bana. Dersom det var tilfelle, måtte ein kunne ha vektlagd at ein slik duell er ein del av konkurransesituasjonen.

Dommen kan gi eit perspektiv på korleis retten vurderer kva som er eit «rettsstridig angrep» på idrettsarenaen. Dommen kan sjåast i samanlikning med RG-2009-1298. Her hadde fornærma i ein fotballkamp landa på tiltala etter eit headingsforsøk. Tiltala oppfatta dette som eit angrep, og reiste seg og slo fornærma i andletet.

I dette, som i det første eksempelet, oppfatta tiltala at fornærma hadde gjort eit angrep mot han. Retten legg også til grunn at tiltala har oppfatta situasjonen slik. Likevel vert det ikkje diskutert om det vart handla i naudverje, sjølv om det er lagt til grunn at tiltala oppfatta tråkket som eit rettsstridig angrep. Retten anerkjenner tiltala si forklaring, men ser det altså ikkje slik at det skal er naudsynt å vurdere tråkket i landinga som eit rettsstridig angrep.

Dommen er vidare interessant idet den set opp ei grensetrekning for lovlege handlingar på idrettsbanen:

*«Under en konkurranseidrett, som i dette tilfelle en fotballkamp, vil deltakerne normalt ha et høyt spenningsnivå. Det er derfor slik at spillerne da kan reagere annerledes enn det de i en annen situasjon ville ha gjort og som ellers er akseptabelt. I kampens hete vil så vel verbale utsagn som fysiske utfall kunne skje og måtte godtas. I denne sak har retten konkludert med at handlingen likevel er straffbar på grunn av omstendighetene og*

---

<sup>50</sup> LB-2015-128159 pkt. 1 i lagmannsrettens vurdering, avsnitt 4.

*grovheten i handlingen, men momentet må etter rettens syn kunne få betydning under straffeutmålingen».<sup>51</sup>*

Dommen, frå Nord-Møre tingrett, peikar på eit viktig aspekt ved strafflegging av idrettsvaldshandlingar. Deltakarar i idrett har eit høgt spenningsnivå, som vil kunne påverke reaksjonen til involverte, samanlikna med ei «sivil» hending. Dette kan sjåast i samanlikning med kva retten vurderer som eit rettsstridig angrep, som kan reagerast på med ei naudverjehandling. Eit spark i rygg og hofteregion medan spelet ikkje var i gong, og difor ikkje ein direkte konsekvens av at deltakarane var i ein idrettsprestasjon, vart rekna som eit rettsstridig angrep som ein kunne gjere naudverjehandling mot i LB-2015-128159. Medan, tråkket i RG-2009-1298, vart ikkje sett som eit slikt angrep. Naudverje vart difor ikkje vurdert her.

Av dei tre generelle straffridomsgrunnane er naudverje den klårt mest praktiske for valdshandlingar i idretten. Det vil oppstå situasjonar av idrettsvald kor valdshandlingar er i eit grensetilfelle.

---

51 RG-2009-1298

### 3 Relevante rettsstridsvurderingar

Eit straffebed gir uttrykk for kva for gjerningar som er straffbare, og rettsbrukaren må setje seg inn i lovgjevar si vurdering av straffebedet. Ein må tolke seg fram til dei straffbare handlingane med hjelp av ordlyden, førearbeid og praksis. For denne framstillinga er det særleg rettsstridsvurderinga av om fornærma har samtykka til den straffbare gjerninga som er relevant, ettersom dette er særst praktisk viktig ved valdslovbrott.

#### 3.1 Samtykke

At menneske har moglegheit til å samtykke til handlingar, er eit grunnleggjande prinsipp i eit fritt samfunn. Samtykkekonseptet kjem til uttrykk på mange ulike måtar. Om ein tenkjer seg om, oppdagar ein at ein gir mange samtykke dagleg. Du samtykkjer for eksempel til at kollegaen din set seg inn i bilen din, då de samkøyrer til arbeidet. Samtykke frå eit valdsoffer kan gjera at ein elles straffbar valdshandling vert strafffri for valdsutøvaren. I eit slikt tilfelle vert uttrykket «offer» gjerne upresist, sjølv om krenking ofte er ein ingrediens når det er tale om å samtykke til noko.<sup>52</sup> Samtykke som straffridomsgrunn byggjer på ein grunntanke om at ein ikkje skal straffast for ein handling som nokon ynskjer at du skal gjere mot dei eller for dei. I juridisk teori vore diskutert korleis frigjerande samtykke skal systematiserast i strafferetten. Spørsmålet er om samtykke skal vurderast i samheng med sjølv gjerningsskildringa, eller om det først kjem i spel etter at det er konstatert brott.<sup>53</sup> Dersom ein ser samtykke som ein del av vurderinga av den kriminaliserte gjerning, kan det opne for ein meir fleksibel betraktningmåte.<sup>54</sup> Det vert vidare argumentert med at samtykkevurderinga ikkje kan gjerast isolert, men må sjåast i samheng med øvrige omstende.<sup>55</sup> Samtykke som strafffrigjerande årsak kjem ikkje fram av dei

---

52 Husabø m.fl (2019) s. 206

53 Husabø m.fl (2019) s. 207

54 Husabø m.fl (2019) s. 207

55 Husabø m.fl (2019) s. 207

generelle reglane i straffelova første del, slik som for naudverje, naudrett og sjølvtekt. Lovreguleringa av samtykke er spesielt knytt til dei aktuelle straffeboda. For denne framstillinga er det § 276 som er relevant:

*« § 276. Samtykke fra den fornærmede  
Straff etter §§ 271, 272, 273 og 274 første ledd kommer ikke til anvendelse  
når den handlingen er rettet mot, har samtykket.  
Dersom noen med eget samtykke er drept eller påført betydelig skade på  
kropp eller helse, kan straffen for gjerningspersonen settes under  
minstestrafen eller til en mildere straffart enn den som følger av §§  
275 eller 274 annet ledd. »*

Føresegna viser til straffeboda som kan gjerast straffri med samtykke frå den som handlinga er retta mot. Kroppskrenking, grov kroppskrenking, kroppsskade og grov kroppsskade kan gjerast straffri ved samtykke frå fornærma.

Dei aller fleste ynskjer nok ikkje at det skal gjerast vald mot dei. Likevel kan ein tenkje seg tilfelle kor eit valdsoffer har godteke handlingane. Eksempelvis finst det seksualpartnarar som seg i mellom har samtykka til at dei kan utøve vald innanfor ei viss grense mot kvarandre, i ein seksuell setting. Det kan òg vere to personar som avtalar at dei skal gå i slåsskamp. Krenkingar og skadar som ligg innanfor samtykket, kan ikkje partane straffast for.

### **3.1.1 Samtykke som rettsstridsvurdering i eit idrettsperspektiv**

Eit samtykke etter lova har som utgangspunkt ikkje noko formkrav. Med dette følgjer det at ein ikkje treng å skrive under på noko, eller verbalt uttrykkje seg. Eit samtykke kan også av denne grunn gjerast stillteiane. I rettsteorien kallar ein gjerne slikt samtykke for konkludent samtykke. Ein gir samtykke stillteiane, på bakgrunn

av korleis ein ter seg. Ved eit konkludent samtykke, gir ein idrettsutøvar samtykke til ein viss valdsbruk berre ved å vere aktiv deltakar av utøvinga.

I rettspraksis, blant anna i RG-2009-1298, ligg det skildringar av korleis samtykke som straffridomsgrunn får uttrykk i spørsmål om idrettsvald. Dommen nyttar straffelova av 1902, men rettssituasjonen er ikkje særleg endra. I dommen vert det skrivi at samfunnsnyttig idrett må ha ein annan norm for straffbare handlingar etter valdskapittelet i straffelova enn elles i samfunnet.<sup>56</sup> Det vert samtidig peika på at det er stort skilje innanfor dei ulike idrettane, slik at ikkje alle kan skjærast over ein kam. Tanken om ein annan terskel innanfor idrettsvald gjer at ein i praksis konstruerer eit strafferettsleg samtykke frå dei som deltek i meir eller mindre fysisk idrett. Retten gjekk i denne dommen noko bort frå dette, med grunngjeving at konstruert samtykke potensielt kunne vere direkte feilaktig. Spesielt vart dette knytt til forsettlege valdshandlingar som fell utanfor spelets reglar. Retten valde å heller tolke straffebeda innskrenkande for handlingar innanfor idrettens område.

Dommen frå 2009 viser at rettsbiletet på dette området ikkje var særleg avklara. I TFRED-2019-175734 følgjer det av tingrettsdommen at «fotballspillere, ved å delta i kamper, implisitt samtykker til dueller og andre situasjonar som innebærer risiko for skade». Rettsbiletet ser ut til å ha endra seg noko, ettersom retten nokså tydeleg legg til grunn eit implisitt, eller konkludent samtykke som regel for samtykke ved idrettsvald.

I rettsleg teori, blant anna i publikasjonar av Andenæs<sup>57</sup>, er deltaking i idrett eit tydeleg eksempel på frigjerande konkludent samtykke etter lova. Andorsen har og uttala seg i ein artikkel om samtykke som straffridomsgrunn.<sup>58</sup> Andorsen skriv at samtykke til vald i idretten klårt må skiljast frå anna type samtykka vald. Samtykke

---

<sup>56</sup> RG-2009-1298

<sup>57</sup> Andenæs (2016) og Andorsen (1992)

<sup>58</sup> Andorsen (1992)

til tilfeldig slåsskamp på gata, kan ein på eit konservativt moralsk grunnlag seie at ikkje bringer med seg noko positivt til samfunnet. Dei negative sidene ved slik valdsutøving er stor. Idrett derimot bringer med seg underhaldningspotensiale, bidrag til folkehelse. Andorsen skriv at sport og idrett innehar ein samfunnsnyttig eigenverdi, og er ynskjeleg frå samfunnets side. Det er ikkje sjølve utøvinga av idretten samfunnet ynskjer, men effektane idretten har på samfunnet.<sup>59</sup> Han nemner helsebringande verknad, sysselsetjing, engasjement og underhaldning.<sup>60</sup> Dette stiller idretten i ei særstilling ved spørsmål om straffrigjerande samtykke.

### 3.1.2 Rekkjevidde av samtykket

Det som er særleg sentralt for samtykke til vald i idretten, er rekkjevidda av samtykket. Ein kan ikkje utsetjast for vald av kva som helst grad, på grunnlag av eit konkludent samtykke til idrettsvald. Rekkjevidda av samtykket er påverka av ulike faktorar. Blant anna må rekkjevidda variere med kva for idrett ein utøvar, ulovfesta idrettslege normer og til dels på kva nivå utøvarane er på i idretten.

Ifølgje Andorsen er dette noko av det mest problematiske med å konstruere samtykke for deltakarane. Ein kan tenkje seg at utgangspunktet bør vere at handlingar som ligg utanfor spelets reglar, også må vere utanfor samtykkegrensa til deltakarane. I praksis kan dette vere utfordrande. I dei fleste kontaktidrettar vert «ulovlege» handlingar etter spelets reglar sanksjonert med ein fordel til offerets lag. Ein fotballspelar vil eksempelvis stogge ei kontring ved å halde ein motspelar i drakta, slik at han fell i bakken. Dette vert av fotballmiljøet gjerne kalla ein «Professional foul». Det er eit kalkulert regelbrott som er gjort for å oppnå ein fordel for sitt eige lag, å unngå mål imot. Handlinga difor motivert av spelet. Det ville vere ei stor prosessdrivande kraft om slike handlingar skulle kunne reknast som utanfor samtykket, og difor rettsleg straffbar. Slike handlingar er noko deltakarane må rekne

---

<sup>59</sup> Andorsen (1992), kapittel 2.23

<sup>60</sup> Andorsen (1992), kapittel 2.23

med. Det kan difor argumenterast for at handlingar som etter vanleg praksis hender så ofte at dei er ein del av spelet, men ikkje er lovleg etter regelverket, må ligge innanfor samtykkets grenser.<sup>61</sup>

Samtidig kan det vere nyttig å sjå til tidspunktet i idrettsutøvinga. I fotball, handball og basketball er det stadig korte stans i spelet. I desse korte pausane er ikkje spelet i gong, men deltakarane er likevel i eit «idrettsmodus». Dette vil påverke deira reaksjonsmønster. Eit tenkt scenario, er at ein fotballspelar har vorte takla, og dommaren har dømd frispark. Spelarane trekk mot åstaden, for å diskutere med dommaren. Motspelarane kjem også til. Spelet er ikkje i gong. Valdshandlingar som skjer i ein slik situasjon er ikkje motivert av å få ein fordel i spelet. Sett bort i frå skjulte handlingar for å framprovosera valdeleg reaksjon frå motspelarar. Slike handlingar som skjer i korte pausar, vil difor vere mindre sannsynleg å sjå som dekkja av det konkludente samtykket. Tidspunktet spelar difor ei sentral rolle i vurderinga av kor langt samtykket rekk.

Handlingar som har skade som formål står på den andre sida. Valdshandlingar som forsettleg valdar skade, vil ikkje på noko vis liggje innanfor eit idrettsleg samtykke. Eit knyttneveslag i ein fotballkamp for å skade ein annan, er ikkje noko deltakarane må rekne med å verte utsett for, og kan difor aldri vere innanfor eit slikt samtykke.

I idrettar som ikkje forutsett fysisk kontakt, må det stillast andre krav. Slike idrettar er av sin natur ikkje avhengig av kroppsleg kontakt for å oppnå sin konkurrerande effekt. Det er klart av definisjonen på «vald» at også gjenstandar som vert kasta eller slått mot nokon er å sjå som vald.<sup>62</sup> Eksempel på slike idrettar er badminton, tennis, skøyteløp og langrenn. Etter dei respektive regelverka er ikkje fysisk kontakt mellom utøvarane tillate. Blant utøvarane er det difor ei forståing av at slikt ikkje skal skje. Valdshandlingar som føreset kropp mot kropp, vil nok difor i alle høve reknast

---

<sup>61</sup> Andorsen (1992) kap. 2.23

<sup>62</sup> Sjå pkt. 1.2.3 i denne framstillinga

utanfor eit «idrettsleg samtykke», i denne typen idrett. Dersom det i motsetning er aktaust, må det vurderast nærare.

Eit eksempel er at ein tennisspelar slår ballen på ein slik måte at den treff motstandaren i andletet, han mistar synet på eitt auge, og vilkåra for aktaust valda betydeleg skade etter strl. § 280, jf § 24 er oppfylte. Reint rettsleg er dette ein kinkig situasjon. Samtykke som frigjerande årsak kan som utgangspunkt ikkje gjelde i tilfelle kor ein er påført betydeleg skade, jf. § 276 andre ledd. Føresegna peikar på § 275 og § 274 (2), men det må skjønast slik at dette også er tilfellet ved aktaust valda betydeleg skade.<sup>63</sup> Det einaste som har særleg skadepotensiale på ein tennisbane er racket, ball og utøvaren sjølv. Av spelets reglar og natur, er målet å få ballen over nettet på ein slik måte at motstandaren ikkje klarer å slå den tilbake. At motstandaren plasserer seg slik at ballen endar i andletet på den andre, kan ikkje gjere det slik at den som slår skal straffast for dette. Klårt, han kan sikte mot motstandaren, men med det formål å skape ein fordel i spelet. Eit slag mot kroppen vil vere vanskeleg for motstandaren å returnere. Slike hendingar er ein del av tennisspelet, og av det konkludente samtykket, og kan difor ikkje straffast.

Eit anna spørsmål er korleis dette stiller seg i eit langrennsløp. I utgangspunktet vil det ikkje skje kroppskontakt mellom utøvarar. Det som har potensiale til å hende, er kollisjonar eller fall. På toppnivå går utøvarane ekstremt fort på ski. Skadepotensialet ved å falle i ei utforkøyning er stort. Dersom ein utøvar tek med seg ein annan i fallet, kan dette vere ei aktlaus handling. Likevel har utøvarane akseptert ein risiko for å falle, ved å delta i skirennet. Samtykket må difor utelukka straff i eit slikt tilfelle.

Ettersom det vil vere eit tydeleg skilje på samtykkerekkjevidde i ulike idrettar, skal det no behandlast kvar for seg. For samanlikningseffekt vil fokuset vere på fotball, handball og basketball.

---

63 Gröning og Jacobsen, Karnov lovkommentar til strl. § 276, note 2.



### 3.1.3 Rekkjevidde av samtykke i fotball, handball og basketball

I idrettstilfelle, vil samtykket som er konkludent gitt, stå fram som ubestemt for den objektive. Det vil altså ikkje vere klårt kva vedkommande har samtykka til.<sup>64</sup> I grensetilfella som oppstår, må ein vurdere om samtykket omfattar handlinga som fornærma er utsett for. Denne delen skal forsøksvis framstille ei generell samtykkegrense for dei tre nemnte idrettane.

For ein fotballspelar, må det vere klårt at handlingar som inngår i spelets reglar, ligg innanfor samtykket. Skulder mot skulder i ein løpsduell, kor den eine fell i bakken og skadar seg, ligg klårt innanfor samtykket til ein fotballspelar. Handlinga er ikkje straffbar etter spelets reglar. Vidare må ein sjå til handlingar som etter fotballens reglar gir gult og raudt kort. Etersom handlinga er straffbar etter spelets reglar, følgjer det av regelens natur at den ikkje er ynskjeleg på fotballbana. Handlingar som fører til gult kort, er rekna som «hensynsløs» etter NFF sitt regelverk.<sup>65</sup> Handlingar som fører til raudt kort, er rekna som handling med «unødvendig mye kraft og/eller setter motspillars sikkerhet i fare».<sup>66</sup> Etersom handlingane vert sanksjonert av dommarane i kampen, er det også slik at desse er ein del av spelet, og difor må reknast som innanfor samtykket. Grove, valdelege, regelbrott må derimot kunne seiast å falle utanfor det ein har gitt samtykke til.<sup>67</sup> Det skal merkast at også dei grove og valdelege regelbrotta vil føre til eit raudt kort, men kan altså ikkje sjåast som ein del av spelet, og ventande for deltakarane.

I basketball, må òg handlingar som ligg innanfor spelets reglar, ligge innanfor det konkludente samtykket. I basketball er det som utgangspunkt ikkje lov med bevisst kroppskontakt. Dersom det hender slik kroppskontakt, vil dommarane blese av for «feil». I motsetning til i fotball, er det altså som utgangspunkt ikkje lov med

---

64 Husabø m.fl (2019) s. 216

65 NFF spilleregler § 12-1

66 NFF spilleregler § 12-1

67 Husabø m.fl (2019) s. 216

kroppstaklingar for å vinne ballen tilbake att. Norsk basketball handhevar det som vert kalla sylindrerprinsippet, som tydar at spelaren kan halde kroppen inne i ein tenkt sylinder rundt seg. Dersom forsvarsspelaren inntek ein slik lovleg forsvarsposisjon, og angrepsspelaren går i kroppen hans fysisk, er det angrepsspelaren som vert avblåst for foul. Berøring av motstandaren med hender og armar, er i utgangspunktet ikkje eit regelbrott, men dommaren må vurdere om den som har gjort dette, har oppnådd ein fordel. Dersom han har avgrensa motstandaren sin rørslefridom, skal det blåsast for «feil».<sup>68</sup> Reglane i idretten er ein ting, men det må likevel sjåast til korleis desse vert handheva i praksis. Under basketballkorga, i ein teljande kamp, er det ikkje til å unngå at det vert kamp om ballen. Dette medfører kroppskontakt. Kroppskontakt som ein basketballspelar etter spelets reglar og natur må rekne med, kan i alle høve ikkje vere straffbare<sup>69</sup>, då det er ein naturleg del av utøvinga av idretten. Grove og valdelege handlingar kan ikkje seiast å vere innanfor eit slikt samtykke, slik som i fotballen.<sup>70</sup>

I handball er det kjend at spelarane har mykje kroppskontakt mellom seg. Spesielt gjeld dette i området like føre mål, kor forsvaret står på linja for å forsvare målet sitt. Her kan det oppstå valdsame situasjonar mellom dei konkurrerande spelarane. På linja står oftast ein av angrepsspelarane for å forsøke å ta imot ballen nærast mogleg målet. Ein slik angripar vil oppleve både halding i trøye, riving i trøye, slag over armar, slag over kroppen, hekting i bein eller slag i ansiktet. Dette er eksempel på situasjonar som hender stadig på handballbanen. Slike handlingar er ein del av spelet, men er ikkje lovleg etter reglane. Etter handballreglane er det lovleg å sperre ein motspelar med kroppen i kamp om ein plass på bana. Det er òg tillate å søkje kroppskontakt med motspelar for å følge han. Det er derimot ikkje tillate å stenge ein motspelar med armar, bein, hender, eller nytte kroppen for å dytte han vekk.<sup>71</sup> Det er

---

68 NBBF regelverk, s. 38 flg.

69 Husabø m.fl (2019) s. 208

70 Husabø m.fl (2019) s. 216

71 NHF spelereglar, § 8-1

heller ikkje lovleg å halde fast kroppen eller drakta til motspelar. I handball straffast brot på dette oftast med frikast. Den skuldige kan og straffast med varsling, og dersom han ikkje stansar kan det følge to minuttars utvisning. Dette er dersom handlinga er alvorleg nok. Dommaren gjer ei vurdering av dette etter vidare kriteriar.<sup>72</sup> Alle handlingane som er nemnt over, må seiast å vere ventande for handballspelaren. Slik som med fotball og basketball, kan likevel ikkje dei mest alvorlege og grovaste utgåvene av desse handlingane vere innanfor samtykket. Slag i andlet kan til ein viss grad vere ventande for handballspelaren. Spark, derimot, er ikkje ei naturleg del av idrettsutøvinga. Spark kan difor lettare sjåast utanfor samtykkegrensa i handball.

---

72 NHF spelereglar, nr. 8

## 4 Relevante unnskuldingsgrunnar

Dei generelle unnskuldingsgrunnane, eksempelvis utilreknelegheit, er ikkje særleg praktiske for vald på idrettsbana. For idrettsvald er det særleg interessant å sjå om gjerningspersonen kan unnskuldast for handlinga si, dersom den er provosert fram. Dette er ei typisk hending i stressa og impulsive situasjonar, slik som stadig hender i ein fotball, handball eller basketballkamp.

### 4.1 Provokasjon som unnskuldingsgrunn

Provokasjon kjem til bruk som unnskuldingsgrunn dersom fornærma har oppført seg klanderverdig i samband med den kriminaliserte gjerninga. Det finst mange daglegdagse eksempel på at provokasjon fungerer som drivkraft for tiltala si handling. I utelivet, kor mesteparten av gjestane nyt alkohol, har det ein tendens til å oppstå valdshendingar. Gjerne har ein fornærma slengt med leppa mot ein tiltala, som igjen har svart med å slå ned fornærma. Ein må sjå til fleire moment for å vurdere om den kriminaliserte gjerninga er unnskulda på grunn av provokasjon.

Provokasjon som unnskuldingsgrunn er heimla i spesifikke føresegner i straffelova. Særleg relevant for dette temaet er straffri kroppskrenking og grov kroppskrenking ved provokasjon, jf. strl §§ 271 (2) bokstav b og 272 (2). Mindre relevant er straffri krenking av privatlivets fred, jf. § 267 (3). For det som gjeld valdshandlingar, har lovgivar sett det som tilstrekkeleg at grov kroppskrenking er det mest alvorlege valdslovbrottet som kan gjerast straffritt ved provokasjon. Lovgjevar ser det ikkje nyttig at dei meir alvorlege valdslovbrotta skal kunne gjerast straffri på grunnlag av provokasjon. Provokasjon kan likevel få tyding for straffereaksjon og nivå ved straff etter dei meir alvorlege føresegnene.

### 4.2 Provokasjon som unnskuldingsgrunn i idrettsperspektiv

Vilkåra for at ei valdshandling skal vere straffri på grunn av provokasjon følgjer som nemnt av strl. § 271 (2) bokstav b og § 272 (2). Kroppskrenking kan vere straffri dersom den: «gjengjelder en forutgående kroppskrenkelse, kroppsskade eller særlig provoserende ytring», jf. strl. § 271 (2) bokstav b. Etter ordlyden er det altså eit krav om at handlinga «gjengjelder» ei handling som allereie har hend. Ein ser òg at ein kan gjere straffri kroppskrenking ved å gjengjelde ei kroppsskade. Ein gjengjelder kroppsskaden, men med ein mindre risiko. Ein har større grunn til å unnskulde den gjengjeldande kroppskrenkinga, jo meir alvorleg den provoserande handlinga er.<sup>73</sup> På idrettsbana, i fotball, handball og basketball, oppstår det stadig handlingar som kan følast som provoserande for ein motpart. I LB-2016-145388 (heretter kalla 4. divisjonssaken) hadde tiltala opplevd at fornærma hadde gjort ei alvorleg provokasjonshandling, sidan tiltala forstod det slik at fornærma hadde slått han forsettleg i andletet like før. Provokasjonsspørsmålet fekk ikkje tyding for straffridom, men for straffutmålinga, ettersom gjerninga vart straffa etter straffelova av 1902 § 229 som var den tids uttrykk for den noverande § 273 om kroppsskade.

Domstolane har hatt ein tendens til å vektleggje om situasjonen var «pressa eller vanskeleg», noko som vil ha tyding i ein kvar idrettssituasjon. Ein idrettssituasjon av eit visst konkurransenivå ber preg av ein pressa situasjon. Dette peikar i retning av at idrettssituasjonen får tyding i vurderinga av om handlinga skal gjerast straffri ved provokasjon.

Eit anna krav til provokasjon som unnskuldingsgrunn er at det må vere ein viss samanheng mellom provokasjonshandlinga og gjengjeldelsehandlinga. I eldre teori vart dette omtalt som «kausaltet» mellom handlingane.<sup>74</sup>

Etter praksis er det òg tydeleg at ein må sjå til styrken av provokasjonen. Det må altså gjerast ein viss form for samhøvevurdering. Den kriminaliserte gjerninga må stå

---

73 Husabø m.fl (2019) s. 535

74 Husabø m.fl (2019) s. 536, jf. Kjerschow (1930) s. 577

i eit visst samhøve med provokasjonshandlinga. På fotballbana er det ein tendens til at spydigheiter og annan form for verbal krenking hender. Noko som ein kan sjå på både profesjonelt- og amatørnivå er spytting. Det er fastslått i Høgsterett at spytting på bar hud skal reknast som kroppskrenking, som det følgjer av HR-2017-373-U.<sup>75</sup> Fornærma har eksempelvis under ein fotballkamp spytta tiltala i andletet, og tiltala i det påfølgjande slår fornærma i andletet på ein slik måte at det er rekna som kroppskrenking. Dei to handlingane står i dette eksempelet i mishøve til kvarande, sjølv om dei begge kan reknast som kroppskrenking. Dette mishøvet kan trekkje i retning av at den kriminaliserte gjerninga ikkje skal gjerast straffri på provokasjonsgrunnlag, men dette må vurderast konkret.

I tilfelle kor den som gjengjelder har fått tid og rom til å beherska seg, er terskelen for å straffe gjengjeldelsehandlinga lågare.<sup>76</sup> Strekspelaren på handballbana vert sparka i beinet på ein måte som dekkjer gjerningsskildringa i § 271. Strekspelaren må bytast ut, men gjengjelder sparket ved å spytte på motspelaren på sidelinja ved neste innbytte. Dette etter at ballen har vore i spel i to minuttar etter sparket. For det første, handlingane har vidt ulik karakter av kroppskrenking. Klart, sparket kan ikkje seiast å vere ei naturleg del av handballidretten, og ligg nok heilt på grensa for å vere straffbar på samtykkegrunnlag. For det andre, har strekspelaren fått rimeleg tid til å «børste sparket av seg». Han handlar ikkje lengre akutt, og på impuls. Handlinga har no ein meir gjennomtenkt karakter. Dette gjer at spyttet hans får ein mindre unnskuldande karakter. Tidsmomentet er sentralt ved idrettsvald, og slik kan ein seie at idrettsmomentet må få tyding i vurderinga.

Til ein viss grad må ein kunne stille rolleforventingar som eit moment i provokasjonsvurderinga. Ein fotballdommar, handballdommar eller basketballdommar har eit ansvar innanfor idretten som moderator, og er som

---

<sup>75</sup> HR-2017-373-U med henvisning til Matningsdal (2016) s. 91

<sup>76</sup> Husabø m.fl (2019) s. 537

utgangspunkt ein passiv del av idretten. Ein kan i så tilfelle kunne stille høgare krav til at desse ikkje gjengjelder eit åtak.

## 5 Strafferettslege reaksjonar og nivå

Dersom dei fire grunnleggjande vilkåra for straff av ein valdshandling på idrettsarenaen er oppfylt, skal retten ta stilling til i kva grad gjerningspersonen skal straffast.

I strafferetten er lova systematisert slik at det er det enkelte straffebod som gir uttrykk for straffetypen og straffenivået. Eksempelvis følgjer det at § 271 at kroppskrenking straffast med «bot eller fengsel inntil 1 år». Lova er også bygd slik dei vidare føresegnene gir uttrykk for handlingar som gir høgare straff. § 272 gir uttrykk for grov kroppskrenking, og slikt skal straffast med «fengsel inntil 6 år».

I juridisk teori vert systemet omtalt som reaksjonslæra. Ansvarslæra er knytt til dei grunnleggjande vilkåra for å kunne straffe nokon, medan reaksjonslæra handlar om reaksjonen på brott på dei strafferettslege handlenormene.<sup>77</sup>

Den klare hovudregel er at strafferettslege reaksjonar må illeggjast ved dom, jf. GrL § 96. For fengselsstraffar gjeld det alltid ei øvre og nedre strafferamme, medan samfunnsstraff må utmålast i eit gitt timetal mellom 30 og 410.

Denne avhandlinga har sitt fokus på idrettsvald. Det er sentralt å sjå til om idrettsmomentet påverkar straffespørsmålet i nokon grad. Konkurransetidrett er i stor grad tilknytt egne turneringar og ligaar i spesifikke forbund. Desse forbunda har i dei største idrettane sitt eige reaksjonsreglement. Det skal sjåast til korleis desse fungerer parallelt med det alminnelege straffesystemet i Noreg.

### 5.1 Straffenivå i idrettsvaldssaker

Slik som avdekka over, vil det kunne vere moment ved idrettsutøvinga som kan ha tyding for straffeansvaret og oppfyltinga av dei grunnleggande straffevilkår.

---

<sup>77</sup> Husabø m.fl (2019) s. 605



Spørsmålet er om idrettsmoment spelar ei rolle i reaksjonslæra, spesielt med tanke på straffnivå.

I TFRED-2019-175734 skulle det utmålast straff etter strl. § 273 om kroppsskade etter ein 5. divisjonskamp i fotball. Heretter kalla «5. divisjonssaken». Lova inneheld generelle utsegner om straffnivå for vald som skjer i idrettssamanheng. Retten viser først til at førearbeida peikar på ei «ganske betydelig» skjerping av straffnivået for brott på handlingar som tidlegare vart subsumert under straffelova av 1902 § 229 første alternativ.<sup>78</sup> Retten viser òg til førearbeid<sup>79</sup> som seier at uprovoserte knyttneveslag mot ansikt (som var tilfelle i denne saken) har eit straffnivå som ligg mellom 90 og 120 dagar fengsel.<sup>80</sup> Dette vert illustrert med liknande faktum i Rt. 2004 s. 1016.<sup>81</sup> Denne saka omhandla ikkje idrettsvald, og ende også med 60 dagars fengsel, men vart av retten sett som vegleiande i utmålinga. Dei 60 dagane fengsel vart i førearbeid sett som vegleiande for handlingar i nedre sjikt av straffebodet.<sup>82</sup> Førearbeida sa òg at tilsvarande valdshandlingar som i Rt. 2004 s. 1016, bør straffa ikkje i utgangspunktet vere mindre enn 5 månader ubetinga fengsel.<sup>83</sup>

I 5. divisjonssaken var faktum slik at tiltala sine handlingar låg i øvre sjikt av straffebodet i § 273 om kroppsskade, og i grensesjiktet til § 274 om grov kroppsskade. Det vart til sist konkludert med at handlingane ikkje var råka av § 274, men kunne straffast etter § 273.

Innleiingsvis let ikkje retten idrettsmomentet påverke vurderinga si. Særleg er det eit viktig poeng at dei viser til førearbeid som igjen viser til Rt. 2004 s. 1016 som ikkje har eit idrettsfaktum. Vidare viser dei til den liknande 4. divisjonssaken.<sup>84</sup>

---

78 TFRED-2019-175734

79 Ot. prp. nr. 22 (2008-2009) s. 180

80 Ot. prp. nr. 22 (2008-2009) s. 182-183

81 Rt. 2004 s. 1016

82 Prop. 97 L (2009-2010) s. 37

83 Ot. prp. nr. 22 (2008-2009) s. 182-183

84 LB-2016-145388

Faktumlikskapen var i stor grad til stades. Offeret i 4. divisjonssaken fekk ikkje like hard medfart som i 5. divisjonssaken. Retten i 4. divisjonssaken kom til ei straff på 30 dagar betinga fengsel. Grunngeve av provokasjonshandling frå fornærma. Det ein særleg kan bite seg merke i er at retten i denne dommen fører fram at straffverdigeita må sjåast i samanheng med konkurranseaspektet, kor handlingar skjer i raskt tempo, fysiske duellar og skaderisiko er akseptert. Lagmannsretten seier så at det «ved denne typen voldslovbrudd ikke ukritisk kan tas utgangspunkt i normalstraffenivåene som er angitt i forarbeidene».<sup>85</sup> Dette peikar i utgangspunktet på at retten set ein høgare terskel for å straffe hardt ved idrettsvaldshendingar.

På tross av dette, vel også retten i 5. divisjonssaken å samanlikne straffenivået med ein dom frå Høgsterett. Rt. 2012 s. 259 omhandla ei valdshending på ein restaurant, kor tiltala slo fornærma i andletet slik at han fekk kjevebrott (heretter kalla restaurant-dommen). Dommen omhandla ikkje idrett, men hadde faktumlikskap fordi valdshandlinga var tilnærma lik, men noko mildare. Retten la òg vekt på at hendinga skjedde på ein offentleg stad, som eit skjerpande omstende. I restaurant-dommen vart straffa sett til 5 månader fengsel.

I 5. divisjonssaken seier retten at den føreståande saka var meir alvorleg enn i restaurant-dommen, samt at det var eit betydeleg skadepotensiale i handlingane. Retten si samanlikning med ein dom utanfor idrettsområdet, kan peike på at dei spelar ned idrettsrelevansen i straffutmålinga. Samtidig må det seiast å vere god juridisk metode av retten å nytte fleire dommar som perspektiv for utmålingsvurderinga, idrettsvald eller ikkje. Momentet kan altså ikkje tilleggjast særleg vekt.

Dei går vidare til å sjå om provokasjonshandlingar kan tilleggjast vekt. Tiltala forklarte at han vart pressa ut på asfalten rundt bana av fornærma. Han hadde òg følt

---

85 LB-2016-145388 avsnitt 17

seg angripen ved fleire tidlegare anledningar i kampen. Retten samanliknar momentet med 4. divisjonssaken, og kjem til at provokasjonsmomentet ikkje kan få særleg tyding for straffutmålinga.

Provokasjonshandlingane kan ikkje seiast å vere spesielle for idrettssituasjonen, men for idretten er det spesielt at lovlege handlingar kan verke som ei provokasjonshandling for den tiltala. Slikt sett kan ein seie at også dette er eit idrettsmoment som får tyding for straffutmålinga.

## **5.2 Internidrettslege straffereaksjonar**

Det er ikkje berre i domstolane ein kan straffast for idrettsvald. Sidan ein er i ein konkurransesituasjon, er arrangørane av konkurransane opptekne av å regulere slike hendingar internt. I både fotball, handball og basketball er valdshendingar uønskt, dersom dei går særleg utover det som reglane i den respektive idretten seier er lovleg. Dei ulike idrettane har difor egne straffesystem som er meint å skulle verke på ein preventiv måte. Reaksjonane er annleis enn i dei vanlege domstolane, naturlegvis, jf. Grl. § 96. Spørsmålet er korleis desse straffesystema heng saman med det alminnelege straffesystemet.

### **5.2.1 NIFs lov og systemets parallellitet**

Noregs idrettsforbund og olympiske og paralympiske komite (NIF) er det øvste idrettsforbundet i landet. Totalt har forbundet med alle sine særforbund over to millionar medlem.<sup>86</sup> Forbundet har utarbeida eit lovreglement, som er det styrande for både forbundet, og særforbunda. NIF er opptekne av sitt sjølvdømme, som kjem til uttrykk i NIFs lov § 1-4: slik: «Tvister med tilknytning til NIF og underliggende organisasjonsledd skal så langt det er mulig med endelig virkning løses innen organisasjonens styrende og dømmende organer.»<sup>87</sup> Sjølvdømmet er heimla i den frie

---

<sup>86</sup> Kjenner (2022) s. 146

<sup>87</sup> NIFs lov § 1-4

foreiningsretten som kjem til uttrykk i Grl. § 101 (1). Dersom ein er medlem i NIF, anten direkte eller via eit særforbund, er dette ei avtalerettsleg forplikning til å følgje dei reglar som forbundet har sett opp. NIFs lov har det formelle namnet lov for Noregs idrettsforbund og olympiske og paralympiske komite. Kapitelet som omhandlar straff er kapittel 11, som vert handheva av forbundets egne domsorgan, dei mest relevante er NIFs påtalenemnd, NIFs domsutval og NIFs appellutval.

Sjølv om ikkje NIFs organ kan dømme utøvarar til fengselsstraff har den interne strafflegginga òg ein inngripande verknad. Ei utestenging på eksempelvis eitt år, kan ha stor påverknad på den enkelte utøvar. Slikt kan påverke både økonomi, karriere og omdøme.<sup>88</sup>

### **5.2.2 Systemets parallellitet til det ordinære straffesystemet**

Ettersom det alminnelege straffesystemet og idrettssystemet lev parallelt, kan saker som skjer på idrettens område handhevast begge stader. Straff dømt av NIF etter NIFs lov, er ikkje å rekne som «straff» slik det er definert etter EMK og retten til å ikkje skulle verte utsett for dobbeltstraff.<sup>89</sup> Det er sær s viktig at systema fungerer om kvarande. Ei idrettsstraff kan fungere som formildande omstende i det tilfelle kor straffesaka vert teken opp på eit seinare tidspunkt.<sup>90</sup> Det motsette kan òg vere tilfelle.

I følgje NIFs lov § 1-4, er det praksis at idretten forsøker så langt det lar seg gjere å halde idrettslege straffesaker inne i idrettens egne organ. Dette skal ikkje vere noko hinder for at den ordinære strafferetten skal kome i spel. Det er viktig å stille spørsmål om kor grensa for inngripen ved politietterforsking går. Det er ikkje tilstrekkeleg å ramme dei grove lovbrotta på fotballbana med interne reaksjonar som eksempelvis utestenging frå fotballaktivitet i ein gitt periode. Ein ser reint generelt at

---

<sup>88</sup> Kjenner (2022) s. 148

<sup>89</sup> Menneskerettslova m. vedlegg: EMK protokoll nr. 7, art. 4 nr. 1

<sup>90</sup> Kjenner (2022) s. 147

politiet er tilbakeholdne med å reise sak ved idrettsvaldshendingar.<sup>91</sup> Forbunda er også tilbakeholdne med dette.<sup>92</sup> Noregs fotballforbund behandla 78 valdssaker mellom 2010 og 2019 frå fotballbanar rundt i landet. Ingen av desse sakene vart meld av NFF til politiet. Dette til tross for at utvalet som handsamar sakane i NFF, har utestengt fleire av spelarane i eit visst tal månader, fordi dei ser det som sikkert bevist at vald eller truslar har skjedd. NFF viste til det dei kalla «vanleg» praksis, med at utøvaren sjølve måtte vurdere om han/ho ynskte å melde.

Etter mediefokuset gjekk NFF ut med nye tiltak mot vald og truslar i fotballen, nokre månader etter. Dei la til grunn ein praksis om at alle hendingar som etter NFF sitt skjønn førte til 3 månader utestenging, automatisk skulle politimeldast av NFF som organisasjon.

NIF gjekk samstundes ut med ein generell vegleiar ved valdshendingar for sine underforbund og medlem av desse. Blant anna er det ført opp at «Idretten skal bidra til at politi og rettsvesen håndterer saker som gjelder vold og trusler best mulig, ved å informere politiet om hendelser og om nødvendig selv anmelde».<sup>93</sup>

Dette er etter mitt skjønn eit klårt steg i riktig retning, og eit viktig prinsipp for rettssikkerheita til alle norske idrettsutøvarar. Foreløpig ser ein likevel ikkje at det har skjedd ei oppblomstring av slike saker i straffesystemet. Det kan vere fleire årsaker til dette.

---

91 Kjenner (2022) s. 147

92 Folkvord, Verdens Gang (2019) <https://www.vg.no/sport/fotball/i/y3Xq0x/nff-har-ikke-anmeldt-en-eneste-av-78-voldssaker-hva-slags-signal-sender-det>

93 Vold og trusler, Temasider NIF (2023) <https://www.idrettsforbundet.no/tema/vold-og-trusler/>

## 6 Påtalespørsmålet i idrettsvaldssaker

Det er nærliggande å tenkje at påtalemakta har ei innstilling om at idretten får «ordne opp i eige hus»<sup>94</sup>, dersom valdshendingane skjer på idrettsbana. Likevel vil det vere grunnleggjande gale, dersom politiet ikkje tek affære dersom ein fotballspelar slår ein annan på fotballbana, og idretten sanksjonerer spelaren sjølv.<sup>95</sup>

Det kan vere eit vanskeleg bevisbilete i den typiske idrettsvaldssaken, dersom dei involverte ikkje ynskjer å vitne mot kvarandre. Det siste kan vere eit utslag av at det ikkje har vore sedvane at ein melder slike brott til politiet, og at utøvaren føler at meldinga er «uvanleg». Det sosiale stigmaet som dette kan føre med seg, set nok ein stoppar for mange saker. Etter NIF og NFF sine endringar, kan det hende at denne praksisen endrar seg.

På ei annan side har ein ofte gode moglegheiter for å ha videobevis i slike saker. På toppnivå vert det aller meste av både fotball, handball og basketballkampar filma på video. Gjerne med fleire kamera. Det er sær s vanleg at også klubbar i breiddeidretten filmar kampane sine. Særleg no, då det har kome brukande teknologi på marknaden.

Det kan argumenterast for at endringane som no skjer, potensielt verkar prosessdrivande for påtalemakta. Likevel vil det vere til idrettens fordel, at den ikkje får stempel på seg for å vere ein fristad for valdsutøving. Desse endringane har potensiale til å ha ein preventiv verknad. Sjølv verknaden kjem nok ikkje til synes med det same.

Før mediefokuset i 2019/2020 var det heilt klårt ei utbreidd oppfatning at valdshendingar på fotballbana høyrde til i dei internrettslege reaksjonsutval. Perspektivet er klårt underbygd av den manglande praksisen på området.

---

94 Kjenner (2022) s. 148

95 Kjenner (2022) s. 147

## 7 Avsluttande merknadar

Idrettsarenaen kan nok ikkje stemplast som ein fristad for valdsutøving, men slik tilstanden framstår no, er idrettsarenaen friare enn i samfunnet elles. Det er nok nærliggande at både idrettssamfunnet, storsamfunnet, påtalemakta og rettsvesenet ser idrettsarenaen som ein stad kor vald er noko meir legitimert, og kor det ikkje alltid er vilje til å plukke opp grensetilfella.

Det kan likevel ikkje fortsetje at dei mest alvorlege handlingane går umerka hen for det ordinære straffesystemet. Det er viktig at fokuset har vorte retta mot temaet. Det ser ut til at idretten sjølve må vere den drivande krafta for å oppnå endringar. Det er igjen å sjå om forbunda sine endringar faktisk fører til at fleire grove valdshandlingar på idrettsbana vert straffa i det ordinære straffesystemet enn før.

Dei grunnleggjande vilkåra for straff, vert i retten vurdert i ljøs av idrettsmomentet. I nokre tilfelle får momentet verkeleg tyding. Det er særst interessant å sjå kva som skil, og kva som er tilnærma likt dei alminnelege valdsdommane.

Det største spørsmålet som reiser seg etter dei endringane idretten internt har gjort, er om påtalemakta tek på seg å etterforske fleire av denne typen sakar. Kanskje kan den teknologiske utviklinga gjere terskelen lågare enn den tidlegare har vore. Målet må ikkje vere å straffe fleire valdshendingar på idrettsarenaen. Målet må vere at gjerningspersonar ikkje skal sleppe unna alvorlege og grove valdshendingar, på bakgrunn av at dei har skjedd i ein idrettssituasjon kor utøvarar kvir seg for å melde.

Om det skjer endring på det området, er me kanskje nærare å verte kvitt eit aukande samfunnsproblem.





## Kjeldeliste

### Lovtekst

**Almindelig borgerlig Straffelov (Straffeloven)** av 22. mai 1902 nr. 10

**Kongeriket Noregs Grunnlov** av 17. mai 1814

**Lov om straff (straffeloven)** av 20. mai 2005 nr. 28

**Lov om styrking av menneskerettighetenes stilling i norsk rett (menneskerettslova)** av 21. mai 1999 nr. 30

**Lov om vegtrafikk (vegtrafikkloven)** av 18. juni 1965 nr. 4

### Førearbeid

**NOU 2002:4 Ny straffelov Straffelovskommisjonens delutredning VII**

**Ot. prp. nr. 22 (2008-2009)**

**Prop.97 L (2009-2010)**

### Internidrettslege regelsett

**Lov for NHF**, publisert på: <https://www.handball.no/regioner/nhf-sentralt/praktisk-info/lover-og-regler/lov-for-nhf/>

**Lov for Norges idrettsforbund og olympiske og paralympiske komité (NIFs lov)**, publisert på: <https://www.idrettsforbundet.no/tema/juss/nifs-lov/>

**NFF spilleregler**, publisert på: <https://www.fotball.no/lov-og-reglement/spilleregler/spilleregler2/#143753>

**NHF spilleregler**, publisert på: <https://www.handball.no/regioner/nhf-sentralt/praktisk-info/lover-og-regler/spilleregler-handball/>

**Norges Basketballforbund Lov og reglement**, publisert på: <https://www.basket.no/om-nbbf/lover-og-reglement/>

**Norges Fotballforbunds lov av 9. mars 2014 nr. 1**, via Lovdata

**Offisielle spilleregler for basketball 2022**, publisert på: <https://www.basket.no/for-deg/for-deg---dommer/spilleregler/>

## Rettspraksis

Rt. 1970 s. 787

Rt. 1991 s. 600

Rt. 2000 s. 1991

Rt. 2001 s. 1221

Rt. 2004 s. 381

Rt. 2004 s. 1016

Rt. 2011 s. 1104

Rt. 2012 s. 259 (restaurant-dommen)

HR-2017-373-U

HR-2019-497-A (alpinist-dommen)

HR-2019-509-A

HR-2021-580-A

HR-2022-549-A

LB-1996-449

LG-2005-59957

LH-2005-69993

LB-2015-128159

LB-2016-145388 (4. divisjonssaken)

TNOMO-2009-148035 eller RG-2009-1298

TFRED-2019-175734 (5. divisjonssaken)

## Litteratur

### **Andenæs (2016)**

Andenæs, Johs., med Rieber-Mohn, Georg Fredrik og Sæther, Knut Erik, *Alminnelig strafferett*, 6. utg., Universitetsforlaget 2016.

### **Frøberg (2020)**

Frøberg, Thomas, *Alminnelig strafferett i et nøtteskall*, 2. utg., Gyldendal Norsk Forlag 2020.

### **Hagerup (1911)**

Hagerup, Francis, *Strafferettens almindelige del*, Kristiania 1911.

### **Husabø m.fl (2019)**

Husabø, Erling J., Gröning, Linda og Jacobsen, Jørn, *Frihet, forbrytelse og straff*, 2. utg., Fagbokforlaget 2019.

### **Jacobsen m.fl (2020)**

Jacobsen, Jørn, Husabø, Erling J., Gröning, Linda og Strandbakken, Asbjørn, *Forbrytelser i utvalg*, 1. utg., Fagbokforlaget 2020.

### **Kjenner (2022)**

Kjenner, Gunnar-Martin og Justad Johnsen, Morten (red.), *Idrett og juss*, 5. utg., Universitetsforlaget 2022.

### **Kjerschow (1930)**

Kjerschow, Peder, *Almindelig borgerlig straffelov av 22. mai 1902 og Lov om den almindelige borgerlige straffelovs ikrafttreden av 22. mai 1902*, Aschehoug 1930.

### **Matningsdal (2016)**

Matningsdal, Magnus, *Norsk spesiell strafferett*, 2. utg., Fagbokforlaget 2016.

## Artiklar

### **Andorsen (1992)**

Andorsen, Kjell V., *Strafferettslig samtykke*, Tidsskrift for rettsvitenskap 1992, s. 305-475.

## Internettartiklar og innlegg

### **Bøhler, Nettavisen (2019)**

Bøhler, Jan, «Hvordan hindre vold i fotballen?», Nettavisen, publisert 1. oktober 2019, <https://www.nettavisen.no/sport/hvordan-hindre-vold-i-fotballen/s/12-95-3423854115> (lest 9. januar 2023)

### **Christiansen, Verdens Gang (2008)**

Christiansen, Anders K., «Oppsiktsvekkende dom i nederlandsk høyesterett: fikk fengselsstraff for denne taklingen», Verdens Gang, sist oppdatert 24. april 2008, <https://www.vg.no/sport/fotball/i/KOV77/oppsiktsvekkende-dom-i-nederlandsk-hoeyesterett-fikk-fengselsstraff-for-denne-taklingen> (lest 16. januar 2023)

### **Christiansen og Folkvord, Verdens Gang (2019)**

Christiansen, Anders K. og Folkvord, Martin S., «Presidenten om vold i idretten: -Tar grep i full skala», Verdens Gang, publisert 17. desember 2019, <https://www.vg.no/sport/i/qLrP30/presidenten-om-vold-i-idretten-tar-grep-i-full-skala> (lest 9. januar 2023)

### **Dolva, Gudbrandsdølen Dagingen (2021)**

Løland Dolva, Nicolai, «Samtykker idrettsutøvere til å bli utsatt for vold på idrettsbanen?», Gudbrandsdølen Dagingen, publisert 27. desember 2021, <https://www.gd.no/samtykker-idrettsutovere-til-a-bli-utsatt-for-vold-pa-idrettsbanen/o/5-18-1476927> (lest 10. januar 2023)

### **Fikke, Nettavisen (2005)**

Fikke, Heidi Marie, «Trekker laget etter fotballvold», Nettavisen, publisert 18. august 2005, <https://www.nettavisen.no/sport/trekker-laget-etter-fotballvold/s/12-95-3422918568> (lest 11. januar 2023)

**Folkvord, Verdens Gang (2019)**

Folkvord, Martin S og Nilsen, Sondre, «Mer vold og trusler i Oslo-fotballen enn noe annet sted i landet», Verdens Gang, sist oppdatert 6 november 2019, <https://www.vg.no/sport/fotball/i/OoOrgR/stor-vg-oversikt-mer-vold-og-trusler-i-oslo-fotballen-enn-noe-annet-sted-i-landet> (lest 9. januar 2023)

**Folkvord, Verdens Gang (2019)**

Folkvord, Martin S., «NFF har ikke anmeldt én eneste av 78 voldssaker: -Hva slags signal sender det?», Verdens Gang, publisert 6. november 2019, <https://www.vg.no/sport/fotball/i/y3Xq0x/nff-har-ikke-anmeldt-en-eneste-av-78-voldssaker-hva-slags-signal-sender-det> (lest 16. januar 2023)

**Folkvord, Verdens Gang (2020)**

Folkvord, Martin S., «NFF tar kraftige grep mot fotballvold», Verdens Gang, publisert 26. februar 2020, <https://www.vg.no/sport/fotball/i/kJzL1X/nff-tar-kraftige-grep-mot-fotballvold> (lest 15. januar 2023)

**Halse, Johan, Store medisinske leksikon (2022)**

Halse, Johan, «Adrenalin», Store Medisinske leksikon, sist oppdatert 30. oktober 2022, <https://sml.sn.no/adrenalin> (lest 5. april 2023)

**Høidalen, Verdens Gang (2021)**

Høidalen, Ida og Arntzen, Mats, «Politianmeldt etter slagsmål i juniorkamp: -Utrolig trist», Verdens Gang, sist oppdatert 15. september 2021, <https://www.vg.no/sport/i/5GLR0E/politianmeldt-etter-slagsmaal-i-juniorkamp-utrolig-trist> (lest 16. januar 2023)

**Jarlsbo, Verdens Gang (2021)**

Jarlsbo, Øystein, «Fotballvolden i Oslo: -Verre enn noen gang», Verdens Gang, publisert 4. november 2021, <https://www.vg.no/sport/fotball/i/0GWx26/fotballvolden-i-oslo-verre-enn-noen-gang> (lest 16. januar 2023)

**NIF, Vold og trusler - temasider (2023)**

NIF, «Vold og trusler», NIF, <https://www.idrettsforbundet.no/tema/vold-og-trusler/> (lest 16. januar 2023)

### **NTB, *Nettavisen* (2018)**

NTB, «Ishockeyspiller dømt for vold på banen: -Verst tenkelige utfall», *Nettavisen*, publisert 10. juli 2018, <https://www.nettavisen.no/sport/ishockeyspiller-domt-for-vold-pa-banen-verst-tenkelige-utfall/s/12-95-3423512560> (lest 15. januar 2023)

### **Politiet (2023)**

Politiet.no, «Vold og trusler i idretten», Politiet, <https://www.politiet.no/rad/vold-og-trusler-i-idretten/> (lest 10. januar 2023)

## **Lovkommentarer**

### **Husabø, Erling J., kommentar til straffelova 2005 § 19, note 1, pkt. 3**

Karnov lovkommentar via LovdataPro, publisert 18. februar 2022

### **Gröning, Linda og Husabø, Erling J., kommentar til straffelova 2005 § 276, note 2**

Karnov lovkommentar via LovdataPro, publisert 11. juli 2022